I år som i fjor presenterar vi resultat frå kommunebarometeret med kommentarar. Kom-

munebarometeret er ein måling som vert publisert av Kommunal Rapport kvart år. Kommunane vert rangert etter 152 nøkkeltal på tvers av 12 sektorar. Kommunebarometeret er presentert i kapitla Oppvekst og kultur, Helse og omsorg og under Tekniske tenester.

## BILDEBRUKEN I ÅRSRAPPORTEN

I år har kommunen valt å presentere noko av arbeidet til elevane ved kulturskolen si bildegruppe. Kvart bilde er merka med namn på eleven som har laga bildet. Det er flott å kunne vise fram kunsten deira på denne måten.

Oversikt over kommunen sine kostnader per eining. I tabellen er kommunens karakter merka med ulike nyansar av grønt. Det fungerer på den måten at desto mørkare grønt farga er, desto betre resultat fekk kommunen. Illustrert i baren rett under.



## Enhetskostnader

5 % vekt i barometeret	Kommunens nøkkeltall			Plass	Snitt	Topp	Kommunens karakter		
	2016	2017	2018				2018	2016	2017
GRUNNSKOLE: Netto utgifter til grunnskole per innbygger, korrigert for utgiftsbehovet (30 %)	16 583	15 547	16 187	370	13 447	12 066	1,5	2,6	2,2
PLEIE OG OMSORG: Netto utgifter til pleie og omsorg per innbygger, korrigert for utgiftsbehovet (35 %)	20 601	21 427	24 210	409	17 024	13 965	1,7	1,4	1,0
BARNEHAGE: Netto utgifter til barnehage per innbygger, korrigert for utgiftsbehovet (15 %)	10 201	10 651	10 041	380	8 435	7 459	2,2	1,2	2,0
BARNEVERN: Netto utgifter til barnevern per innbygger, korrigert for utgiftsbehovet (5 %)	1 353	1 184	9 028	423	2 221	1 116	5,3	5,8	1,0
SOSIALTJENESTE: Netto utgifter til sosialtjeneste per innbygger, korrigert for utgiftsbehovet (5 %)	3 739	7 977	3 753	368	2 790	956	2,2	1,0	2,5
KOMMUNEHELSE: Netto utgifter til kommunehelse per innbygger, korrigert for utgiftsbehovet (5 %)	3 125	3 237	3 334	336	2 624	1 931	3,1	3,3	3,0
ADMINISTRASJON: Netto utgifter til administrasjon per innbygger, korrigert for utgiftsbehovet (5 %)	5 695	6 030	6 160	390	3 785	2 828	1,8	1,2	1,7





Norbert Daukaszyz, Trykk

# RÅDMANNENS KOMMENTAR

Aukra kommune står seg godt, med eit samla driftsresultat for 2018 på 135,2 mill. kroner.

Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75% av totale driftsinntekter for ein samla kommunesektor. I Aukra kommune var netto driftsresultat på 22,6%. Dei siste åra har kommunen levert historiske resultat takka vere ilandføring av gass til Nyhamna. Det er eigedomsskattordninga som gjer at me i kommunen vår er privilegert og at me kan bygge velstand, og ikkje minst sørgje for å skaffe gode fagpersonar med kompetanse på alle fagfelt. Dette kjem innbyggjarane våre til gode.

Med eit solid overskot kan me gjere dei avsetjingane til fond som vart vedtatt i nytt økonomireglement. Som rådmann er eg godt nøgd med resultatet for 2018.

Det vart i 2018 vedtatt nytt og revidert økonomireglement. Eit føreseieleg reglement der politikarane gje tydelege signal om at dei vil satse på å skape trygge rammer for innbyggjarane i kommunen vår. Det er store avsetningar til Kjerringsundet, det er nedbetaling av lån på 15 år, det er vedtatt eit vedlikehaldsfond som sikrar dei flotte bygga våre for framtida. Det vert og sett av meir i disposisjonsfond enn tidlegare.

Leiarane for driftseiningane har i dokumentet ei framstilling av mål og måloppnåing. Me tek også eit blick framover og synleggjer noko av det som er viktig å planlegge for på kort og litt lengre sikt. Til slutt gje årsrekneskapen og årsmeldinga ei god og detaljert oversikt over

investeringsprosjekt og rekneskap, ein oversikt over økonomi og over nøkkeltal. Eit klart mål med årsrapporten er at dette skal vere eit dokument som kan lesast av alle og som kan nyttast i arbeidet med å gjere oss enno betre framover.

I 2018 var tida komen for å opne to nye store bygg. Julsundet skole og Aukra omsorgssenter. For ein kommune på vår størrelse er dette bevis på at me har arbeidd godt som har køyrt to so store prosjekt omtrent samtidig. Rett nok har det vore leid inn prosjektleiarar, men oversikta over prosjekta og til dels oppfølging har kommunen sine eigne medarbeidarar har vore sterkt inne i.

Forventningane om nye bygg og forventningane om at alt skal gå på skinner var eit mantra som gjekk i fleire år i planleggingsfasane – når berre omsorgssenteret er ferdig då blir alt på plass med ein gong! Når berre Julsundet skole er ferdig då får me alt sett i system med ein gong. Dette er tankar me har under planlegging og bygging av nye prosjekt.

Alle som har vore involvert i slike prosjekt veit at kultur og endring og ikkje minst å legge vekk ein etablert kultur - og ein vane – det er vanskeleg det! Alle involverte, dei som planlegg, dei som skal arbeide der, dei som skal bruke bygga har si meining om korleis dette skal vere og korleis ein skal bu seg til. Ikkje alle har tenkt at dette kan fleira år før ein har alt heilt på plass.

Kulturar skal byggast og forståing for ting som skjer er ein gradvis prosess med opp- og

nedturar under vegs. Men ei læring for livet for alle som på ein eller annan måte er deltakarar.

Dei som er elevar i Julsundet vil snakke saman om 20 år og minnst at «vi var dei første som flytta inn i nyskolen». Dei som flyttar inn i omsorgssenteret vil vere opptatt av at dei har fått alt so mykje finare og flottare enn før, men må kanskje bruke tid til å bli kjent med det nye på ein annan måte.

Rekruttere rett kompetanse er eit viktig arbeid som me saman prioriterer høgt i alle einingar. Det er fleire av våre nye medarbeidarar som nettopp seier at dei ser fram til å ha sitt daglege arbeid i nye bygg, og at moderne fasilitetar er viktig for at ein kan utføre arbeidet sitt på ein god måte. Det var lite vakansar i 2018, det er og rekruttert inn gode fagpersonar jamt over heile året og på dei fleste områda.

Det er og fleire tilsette som tek vidareutdanning for å auke sin eigen kompetanse. Me ser det er nødvendig å oppdatere kunnskap og å skaffe ny kunnskap. Innovasjon på mange områder krev at me må levere ut frå dei krava som vert stilt av myndighetene og av brukarane av tenestene våre.

Det er viktig å arbeide grundig med å få på plass langsiktige kompetanseplanar og vere trygg på at me rekrutterer rette fagfolk til stillingane. Dette er ei oppgåve som både politisk og administrativt nivå naturleg nok er sær opptatt av. Det er for notid og framtid me skal satse på dei gode medarbeidarane som skal ha nok kompetanse for å levere tenester innan alle fagområda.

Politikarane i Aukra er opptatt av korleis administrasjonen planlegg og bidrar til den utviklinga som er ønskjeleg – det er i denne årsrapporten gitt ei orientering om mange av dei oppgåvene som det har vore både krav og bestillingar frå politisk hald om å arbeide med.

Rapporten skal gje eit so godt og heilskapleg bilete av økonomi og drift på alle tenestemåte som mogleg. Ikkje minst gje den ei oversikt over dei delmåla som vart sett for den einskilde sitt budsjett for 2018.

Ny samfunnsplan gje ei god rettesnor for kva som er satsingsområda til kommunen framover. Eit viktig styringsdokument for politisk og administrativ leiing av Aukra kommune. I planen er det og skissert korleis ein skal arbeide med fleire av satsingsområda.

Årsrekneskapen og Årsmeldinga for 2018 gje lesaren ei detaljert og god oversikt over drift og investeringar. Den gje og ein god informasjon om økonomisk situasjon og korleis kommunen forvaltar sin kapital og fordeling av denne på ulike område.

Når årsrapporten har i seg mykje frå Kommunebarometeret er det fordi me ser det som viktig å orientere godt om korleis me står oss og ikkje minst kor me kan samanlikne oss med Møre og Romsdal fylke og med resten av landet. Slike statistikkar kan gje oss ein peikepinn på korleis me står samanlikna med andre, men seier ikkje so mykje om enkeltdetaljar og korleis ein individuelt opplever dette. I 2017 vart det køyrt ein medarbeidarundersøking for alle tilsette i kommunen, ein ny er planlagt i 2019. På fleire tenestemåte har det og vore brukarundersøkingar. Samla sett har me difor god oversikt over korleis det er å arbeide i kommunen, korleis tenestene er og korleis våre innbyggjarar er nøgd med det dei får frå kommunen.

I tillegg har me tillitsvalte for tilsette i kommunen og me har tillitsvalte for innbyggjarane – nemleg politikarar som er valt inn for å styre og for å ivareta innbyggjarane sine interesser.

Eg vil rette ein takk til politikarar, til leiarar og tillitsvalde for godt samarbeid. Eg vil varmt takke alle tilsette i kommunen for den betydelege innsatsen som vert gjort. Kommunen kan ikkje drifte utan at alle er med!

**Ingrid Husøy Rimstad**


# BEFOLKNING

Per 31. desember 2018 var folketallet i Aukra på 3 539, som er ei endring på -18 personar eller ei nedgang på 0,5 pst. frå året før. Det siste tiåret har folketallet i kommunen auka med 383 personar, som er ei endring på 12,1 prosent. Av dei 36 kommunane i fylket kjem kommunen på 6. plass i befolkningsutvikling i perioden.

Krinsane som har størst vekst samanlikna med 2017 er Eidskrem, Hollingen og Nerbø. Krinsane som har hatt merkbar nedgang i folketallet i same periode er Sporsem, Falkhytta og Hukkelberg.

Kjelde: SSB

## VENTA VEKST I FOLKETAL FRAM MOT 2030




	2016	2017	2018
<b>Folkemengde per 31.12</b>	<b>3 547</b>	<b>3 557</b>	<b>3 539</b>
Fødte	33	31	34
Døde	27	27	32
<b>Fødselsoverskot</b>	<b>6</b>	<b>4</b>	<b>2</b>
Innflyttingar	194	199	139
Utflyttingar	171	193	159
Nettoinnflytting	23	6	-20
<b>Folketilvekst</b>	<b>29</b>	<b>10</b>	<b>-18</b>
Årleg vekst i %	1	0,3	-0,5
Der av:			
innvandring	27	21	16
utvandring	16	30	15


Grunnkrins	Folketal		
	2018	2017	Endring frå 2013
Horrem	98	97	-4
Småge	386	386	37
Oterhalsen	136	136	9
Løvik	70	72	3
Sæter	71	72	2
Sporsem	204	220	-13
Bakkemyr	132	140	9
Nerbø	338	320	4
Falkhytten	470	482	11
Hjertvik	89	94	-6
Hukkelberg	572	599	4
Hollingen	734	717	118
Eidskrem	250	201	47
Uoppgitt gr.krets		11	



## Folketalsutvikling i Aukra kommune dei siste 5 åra fordelt på grunnkrins




## Folketilveksten i Møre og Romsdal dei 10 siste åra



# STRATEGI

## Visjon og verdier



*Aukra – full av energi*

*Slagordet «Aukra – full av energi» har ein klår referanse til den unike ilandføringa av gass på Aukra. Slagordet reflekterer aktive og skapande innbyggjarar, eit aktivt næringsliv og ein organisasjon som ønskjer å vere ein pådrivar i samfunnsutviklinga. «Full av energi» legg vekt på det dynamiske, nyskapande og aktive Aukra.*

Ut frå Aukra kommune sitt slagord, Aukra - full av energi, har kommunen utarbeidd ein visuell profil, som uttrykkjer kven vi er og kva vi står for, og er forankra i kommunen sine verdier Attraktiv, Uredd, Kvalitet, Raus og Arbeidsglede. I desse orda finn ein AUKRA kommune.

A-symbolet står sentralt i kommunen sin grafiske profil og visualiserer kommunen sitt slagord.

Aukra - full av energi. Symbolet er bygt opp av energiske boblar som dannar ein A for Aukra.

A-en vert eit symbol på den grønne øya og dei flotte fjella på fastlandet. Til saman utstråler dei skaparvilje og framtidstru.

Ein kultur i ein organisasjon tek tid å byggje, og verdiane er eit grunnlag som vil gje eit fundament å bygge vidare på. Verdiane vert sett i samanheng med tenestene som vert gitt til brukarane, samt til interne og eksterne samarbeidspartar.

Det er viktig å oppretthalde og å bruke desse orda i handling, slik at det vert «vår måte» å vise kva som er eit viktig fokus i Aukra kommune. Aukra kommune som arbeidsgjevar og politisk leiing er samde om eit felles verdi-grunnlag som ei rettesnor for det vidare arbeid.

# Mål og måloppnåing

*Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal legge føringar for korleis kommunen skal møte endringane i samfunnet framover.*

*Planen viser langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet i det heile og kommunen som organisasjon. Planen inneheld overordna prioriterte mål for Aukra, og dannar mellom anna grunnlaget for kommunen sin fireårige økonomiplan og andre overordna plandokument.*

*I 2018 har kommuneadministrasjonen arbeidd med ny kommuneplan, der nye overordna mål, satsingar og langsiktige strategiar er definert. Plana skal opp til politisk saksbehandling tidleg i 2019.*

*Siste års rapportering av gjeldande kommuneplan sine mål og satsingsområde:*

## OVERORDNA MÅL

Befolkningsutviklinga er ein indikator som viser om kommunen lukkast med å skape ein kommune der innbyggjarane trivst, om kommunen greier å tiltrekkje seg nye innbyggjarar, om kommunen har ei berekraftig befolkningsutvikling og om kommunen er interessant for etableringar frå næringslivet.

Måla for befolkningsutviklinga i Aukra kommune er slik:

- Aukra vil arbeide for ein årleg befolkningsvekst på 0,7 pst.
- Aukra skal ha ei variert befolkningsammansetning

Frå 2017 til 2018 har befolkninga i Aukra vokse med 0.3 pst.

I kommuneplanen er det skissert fire overordna satsingsområde for kommunen. Nedanfor følgjer satsingsområda med kommentarar.

## 1. SATSINGSOMRÅDE BYGDEUTVIKLING

### 1.1 Aukra skal vere ein «vi-kommune»

Aukra kommune er ein av fire pilotkommunar i fylket som samarbeider med Nasjonalforeninga for folkehelse om prosjektet «Utløse frivilligressursen for god folkehelse for alle». Bakgrunnen for deltaking i prosjektet er at Aukra kommune har ei målsetting om at alle som bur i kommunen skal føle tilhøyre. I stor grad høyrer alle innbyggjarane i Aukra til i eit velforeinings- eller grendalagsområde. Velforeiningane vil derfor saman med kommunen få ei sentral rolle vidare i prosjektet.

### 1.2 Eit sterkt kultur- og fritidstilbod for alle aldersgrupper

Frivilligsentralen har målsetting om å gjere det enklare for fleire å vere med i frivillig arbeid. Blant mange sentrale oppgåver kan nemnast informasjon om aktivitetar, tilrettelegging for arrangement og frivillig engasje-

ment både for enkeltpersonar og lag, samt opplæring i bruk av Tilskuddsportalen.

Arbeidet med å legge til rette for etablering av ein erstatningssal for Soltun på Riksfjord vart starta opp. Det er viktig å oppretthalde tilbod i perioden etter at Soltun vart revet og fram mot nytt kulturhus står ferdig.

### 1.3 Legge til rette for eit variert bustadtilbod

Aukra kommune har i 2018 ferdigstilt bustadfeltet Torhaugmyra Aust på fastlandsdelen med tomter av ulik størrelse. Også øydelen av kommunen har fleire ledige bustadtomter til sals.

Det er i arealplanen lagt til rette for komande bustadfelt, private eller kommuneale, både i Julsundet og på Gossen.

Aukra kommune har i 2018 hatt fleire kommunale omsorgsbustader og utleigebustader for vanskeligstilte ledige. Det er bygd fire nye kommunale utleigebustader i Julsundet.

## 2 SATSINGSOMRÅDE NÆRINGS- OG REGIONUTVIKLING

### Arbeide for at Aukra skal ha fastlandssamband og forbetra veginfrastruktur

I regi av Kjerringsundet AS er det i 2017 jobba med utarbeidelse og bearbeiding av reguleringsplan for vegsambandet «Kjerringsundet». Dette har vore eit svært omfattande planarbeid med mellom anna registreringar og analyser av konsekvensar og moglege trase- og bruløysingar. Det er lagt opp til ei sluttbehandling våren 2019.

### Aukra skal ha eit meir mangfaldig næringsliv

Aukra kommune skal ha nok industriareal ferdig til sal og utleige, sjø og land. Kommuneplanen sin arealdel vart godkjent i februar 2017, som viser eksisterande og nye industriareal. Detaljplanlegging står att.

## 3 SATSINGSOMRÅDE TETTSTAD OG AREAL

### 3.1 Forbetre tettstadane som naturlege møtestadar

Arealplanen som vart vedtatt i 2017 legg til rett for å styrke tettstadane i kommunen. Reguleringsplan for sentrum på Falkhytten vart

vedtatt i 2018. Det nyopna omsorgssenteret og det planlagte kulturhuset med basseng vil styrke sentrum som møteplass.

Reguleringsplan for Hollingen er under arbeid, og vil bidra til å utvikle Hollingen som sentrum i Julsundet.

### 3.2 Eit betre tilbod på offentleg kommunikasjon til/frå tettstadane

Kollektivknutepunkt er planlagt på Falkhytten sentrum, ved det nye kulturhuset.

## 4 SATSINGSOMRÅDE KOMMUNALE TENESTER

### 4.1 God informasjonsflyt mellom kommunen og innbyggjarane

I desember 2018 lanserte kommunen ny heimeside med forbetra funksjonar for innbyggjardialog. Fleire skjema er no blitt digitale og MinSide er lansert. MinSide er ein side som innbyggjarane kan få tilgang til sin informasjon eller søke på ulike kommunale tenester gjennom å logge seg på ID-porten. Første som blir tilgjengeleg på MinSide er fakturaer frå kommunen.

Pleie og omsorg nyttar heimesida for å informere om tenesteytinga. Aukra Omsorgssenter har oppretta eiga Facebook side der det vert lagt ut informasjon og hendingar i kvardagen.

### 4.2 Bevisste prioriteringar

Pleie og omsorg har i 2018 implementert velferdsteknologiske løysingar i Aukra omsorgssenter. I 2019 skal dei same løysingane takast i bruk hjå heimebuande i Aukra kommune.

### 4.3 Aukra kommune skal vere ein pådriver i samfunnsutviklinga og ein attraktiv arbeidsgjevar

Pleie og omsorg har fokus på heiltidskultur, og pr i dag har alle tilsette med fagutdanning som ynskjer full stilling fått det.

Pleie og omsorg har utarbeidd ei plan for ønska kompetanse i tida framover.





Eg fiddæst ved havet. Mor an fædde meg  
i den søde fiskerian tid. Nalene kom inn med lankner  
oppvande i moren om natten, brestederige av fisk kom dei,  
som dunkande hjarto inn i mine draumar.

brant

Tsenat Tekle Hagos



Liz Roberts

# Internkontroll

*Aukra kommune har ansvar for mange oppgåver, og det er nødvendig med god styring for å vareta innbyggjarane sine behov og rettar. Eigenkontroll er den samla kontrollen kommunen fører med eiga verksemd, og er med på å byggje opp tilliten til kommunen. God eigenkontroll vil kunne redusere statleg tilsyn og kontroll, og gjev samstundes grunnlag for læring og forbetring.*

*Det er kommunestyret som har det øvste ansvaret for eigenkontrollen.*

## **FOKUSOMRÅDE FOR 2018: DEN NYE PERSONVERNFORORDNINGA**

Fokusområdet for 2018 har vore å etablere eit internkontrollsystem etter den nye personvernforordninga. I 2018 fekk Noreg ein ny personopplysningslov. Lova består av nasjonale reglar og EU si personvernforordning (GDPR - General Data Protection Regulation). Forordninga er eit sett reglar som gjeld for alle EU/EØS-land. Forordninga blei formelt vedteken i EU i 27. april 2016 og begynte å gjelde i EU 25. mai 2018. I Noreg blei personvernlov med forordning gjeldande frå 20. juli same år. Forordninga sitt formål er å sørje for ei god sikring av personopplysingar samtidig som personopplysingar skal kunne utvekslast fritt innanfor EØS-området.

### **Å møte krava til ny personvernforordning**

Den nye personvernforordninga har ein del krav som kommunen må møte. Aukra er godt i gang med dette arbeidet. Dette gjeld mellom anna:

- Revisjon av prosedyrane for personvern og informasjonssikkerheit. Dette arbeidet skal fortsetje i 2019.
- Føre protokollar over alle fagsystem som behandlar/inneheld personopplysingar. Dette arbeidet skjer saman med dei andre medlemskommunane i ROR IKT-samarbeidet. Dette er eit omfattande arbeid som skal fortsetje i 2019.
- Gjennomføre personvernkonsekvensvurdering (DPIA) og risikoanalysar for fagsystem som inneheld personopplysingar. Dette skal skje i samarbeid med ROR IKT-kommunane. Oppstart i 2019.
- Gjennomføre risikoanalysar for å definere truslar og sårbarheit på IKT-området.(2019)
- Revisjon av plan for informasjonssikkerheit (2019)

- Opplæring av tilsette
  - For å gjere det nye regelverket kjent for alle tilsette, vart det sendt ut eit e-læringsprogram som tilsette skulle gå gjennom på eiga hand eller saman med andre på eininga. I Aukra kommune gjennomførte ca. 39 pst. av tilsette desse leksjonane. Det vert vurdert om det skal gjennomførast fleire slike e-læringskurs, samt andre opplæringstiltak i 2019.
  - Faggruppedlemmane i ROR IKT-samarbeidet fekk tilbod om å delta på ein workshop i regi av KiNS (kommunal informasjonssikkerhet) og Bærum kommune, slik at faggruppedlemmane vart rusta til å starte arbeidet med å registrere protokollar og gjennomgå databehandlaravtalane. Faggruppedlemmane vil også få tilbod om å delta i ein ny Workshop del 2 i 2019.
  - Informasjonssikkerheitsansvarleg har også vore på fleire nasjonale kurs i regi av KiNS og Datatilsynet.
  - Den nye personvernforordninga har vore tema fleire gonger i leiarmøta i 2018. I tillegg hadde leiargruppa besøk av personvernombodet, som gjekk igjennom leiarane sine pliktar kring denne forordninga og personvernlova.
- Krav om personvernombod. Aukra kommune har, saman med 26 andre kommunar i fylket og fylkeskommunen, inngått eit

samarbeid med Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal, om å ha felles personvernombod. Personombodet var på plass i mai 2018 og har vore ein aktiv medspelar i dette arbeidet.

### TILSYN OG REVISJON

Det har vore gjennomført fleire tilsyn i kommunen i 2018. Det har vore tilsyn med verksemder, tilsyn med elektriske anlegg, tilsyn frå mattilsynet, tilsyn etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester, tilsyn om arbeidsforhold og brannsyn. Forvaltningsrevisjonen har også gjennomført eit revisjonsprosjekt om offentlege innkjøp. Dette prosjektet starta i 2017 og sluttrapporten vart behandla i kommunestyret april 2018.

### KVALITETSSYSTEMET COMPILO

I førre årsrapport meldte Aukra kommune at dei skulle ta i bruk ein oppgradert versjon av kvalitetssystemet 2018. På grunn av lansering av ny heimeside, vart det ikkje prioritert å gå over på ein ny versjon dette året. Dette er utsett til 2019. Aukra kommune skal, saman med ROR IKT-kommunane gå til innkjøp av eit nytt kvalitetssystem. Det nye systemet kjem på plass i 2020 eller 2021.

### Å melde avvik

Tal på meldte avvik har gått opp med ca. 16 pst. sidan 2017. Tal på meldte avvik har auka dei siste åra, så det er positivt at tilsette melder fleire avvik. Å melde avvik gjer oss i stand til å lære av feil som er gjort, anten internt i organisasjonen eller av nokon utanfor organisasjonen.


***Å melde avvik gjer oss i stand til å lære av feil som er gjort, anten internt i organisasjonen eller av nokon utanfor organisasjonen.***

På grunn av den nye personvernlova, vart det ordna ein eigen avvikskategori for personvern og informasjonssikkerheit i kvalitetssystemet. I 2018 vart det meldt 6 avvik knytt til denne kategorien og 1 avvik vart meldt vidare til Datatilsynet. Datatilsynet har kommentert avviket og det vart ikkje sett i verk sanksjonar mot kommunen.


### Risikoanalyser

Det vart gjennomført 2 risikoanalyser i kvalitetssystemet i 2018. Begge analysane gjaldt dagleg informasjonssikkerheit.

### Avvik



### Oversikt over meldte avvik i Aukra kommune



Det kan sjå ut som at det er meldt fleire avvik i 2018 enn kakediagrammet ovanfor viser, dersom du samanliknar kakediagrammet med søylediagrammet. Dette skuldast at tilsette kan melde avvik på fleire kategoriar i same avviksmelding. T.d. kan dei melde avvik på «HMT» og «Teneste og brukarar» i same avvik.



# Digitalisering

*I 2018 lanserte Aukra kommune ny heimeside. Kommunen tok i bruk nye digitale løysingar for velferdsteknologi i samband med det nye omsorgssenteret.*

Kommunen har brukt mykje ressursar for å innfri tiltaka i digitaliseringsstrategien, som vart vedteke i 2017. Hovudmålsetnaden for kommunanes digitaliseringsarbeid er å bli e-kommunar, der gode og tilgjengelege digitale tenester styrkar dialogen med innbyggjar og næringsliv og gjer gode lokalsamfunn. Å skal bli ein e-kommune betyr at kommunen skal tilby digitale tenester til publikum, næringsliv og tilsette. Kommunikasjon og samarbeid skal skje digitalt, både eksternt og internt når det er føremålstenleg for kommunen.

## **I 2018 HAR KOMMUNEN ARBEIDD MED DESSE PROSJEKTA:**

### **Flytting av tenester**

Elevmaskinene for skolane i kommunen vart i sommar flytta til fellespunktet (felles serverpark for ROR IKT-kommunane). Aukra kommune sin IKT-teneste er, med nokre få unntak, flytta til fellespunktet som ligg i Molde kommune.

### **Ny heimeside og MinSide**

Aukra kommune lanserte ny heimeside i desember. Heile prosessen med innkjøp, oppbygging og lansering av heimesida, har vore ein god prosess. Det vart gjennomført fleire brukartestar før lansering, som ga verdifull informasjon om korleis den nye heimesida kan gjerast enda betre. Det skal etablerast ei prosjektgruppe som skal jobbe for fullt med å ta i bruk MinSide-produkt. MinSide er ein form for sikker innbyggjardialog, der ein må logge seg på via ID-porten. Her vil innbyggjarane kunne søke om tenester og få svar via same digitale kanal.

### **Nytt saks- og arkivsystem, samt SvarUT og SvarINN**

Kommunen skulle ta i bruk nytt saks- og arkivsystem i 2018, men på grunn av ulike utfordringar med leverandør, vart kontrakten heva og ny innkjøpsprosess satt i gang. Ny leverandør skal vere klar tidleg i 2019 og kommunen skal være oppe å gå i nytt system neste sommar. At

dette prosjektet stranda, fører til at andre prosjekt vert sett på vent. Kommunen har ikkje fått tatt i bruk SvarUT og SvarINN-tenesten fullt ut, noko som vil lette dialogen mellom kommune og innbyggjar. Kommunen skal ta i bruk eSigneringstenesta i samband med nytt saks- og arkivsystem.

### Telefoni

Kommunen er med i ein dialog saman med dei andre kommunane i ROR IKT-samarbeidet, om eventuelle endringar i telefoniavtalen og etablering av ein meir framtidsretta sentralbordløyving.

### Etablering av intranett

Dette prosjektet er utsett til 2019.

### Nytt barnehagesystem

Det er starta ein prosess med innkjøp av nytt fagsystem for barnehagane. Konkurransedokumenta vart sendt ut like før jul.

### Ny digital læringsplattform (LMS)

Faggruppe for oppvekst og kultur har gått til innkjøp av ein digital læringsplattform, der lærarar kan kommunisere med elevar ved å legge ut vekeplanar, lage testar med meir.

Plattformen vert innført i kommunane i 2019 og erstattar dagens Fronter-system.

I tillegg er kommunen, saman med mange andre kommunar, med i eit prosjekt om «Digitale læringsmidler» i regi av Bærum kommune.

### Velferdsteknologi

Når det nye omsorgssenteret vart opna i 2018, tok kommunen samtidig i bruk ny teknologi for pasientvarsling, dørlåser, ny telefonløyving med meir. Dette er teknologi som skal gjere arbeidsdagen til dei tilsette meir effektiv. Omsorgssenteret hadde ein del utfordringar med pasientvarslingssystemet, telefoni og manglande/dårleg mobildekning i ei lengre periode etter opninga. Fleire tiltak vart sett inn for å få løyst desse utfordringane. Omsorgssenteret skal vidare jobbe med å ta ut gevinstane etter innføring av ny teknologi.

### Digitale sjukemeldingar

Kommunen vart i desember klar til å ta imot digitale sjukemeldingar. No er heile sjukemeldingsprosessen digital.

## Sals- og skjenkeløyver

*I Aukra kommune har 4 butikkar løyve til å selje alkoholhaldig drikk i gruppe 1 (mellom 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol) og 1 skjenkestad som har løyve for gruppe 1, 2 og 3 (mellom 2,5 og høgst 60 volumprosent alkohol).*

I 2018 gjennomførte kommunen 12 salskontrollar fordelt på 4 salsstader og 3 skjenkekontrollar fordelt på 1 skjenkestad.

Tal på skjenkeløyve for eit enkelthøve: 37 i 2016, 9 i 2017 og 7 i 2018.

Status	2016	2017	2018
Sal av alkoholhaldig drikk	100 471	116 045	162 431
Skjenking av alkoholhaldig drikk	9 302	5306	3 102

Årsaka til auka av sal av alkoholhaldig drikk, skuldast at Bunnpris Hollingen hadde sitt første heile driftsår i 2018.

## Etikk

*Etikk er grunnlaget for våre moralske vurderingar og går ut på å ta stilling til om dei reglane tilsette og politikarane nyttar er riktige eller gale.*

Kommunestyret vedtok i 2018 nye etiske retningslinjer som har som målsetting å sikre ein god praksis og definere felles standardar for tilsette og folkevalde i kommunen. Kommunen har mange rollar og legg vekt på openheit og innsyn. Dette stiller store krav til rolleforståing og etisk medvit. For å sikre ein upartisk og rettferdig behandling, er det viktig å sjå til at relasjonar ikkje vert for nære.

Kommunen har og fått eigne retningslinjer for bruk av sosiale media og vil med dette hindre at det skjer overtramp i bruken av desse. Kommunen vektlegg sosiale media si betydning for informasjonsdeling og kommunikasjon med innbyggjarane og som eit verkty for omdømmebygging.

## Krise- og beredskapsarbeid

*Kommunen har eit generelt ansvar for befolkninga sitt vel og ve i ein krisesituasjon. Den politiske leiinga og administrasjonen er ansvarleg for at kommunen er i stand til å handtere kriser, og for at det ligg føre ein plan for korleis kommunen skal kunne oppretthalde verksamda si i ein krisesituasjon.*

I 2018 er både plan for kriseleiing samt plan for psykososialt kriseteam revidert.

Aukra kommune gjennomfører årlege øvingar i krisehandtering. I 2018 deltok kommunen på øving Fårikål i regi av fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Det vart starta med utgreiingar om felles legevaktsamarbeid blant fleire Romsdalskommunar. Endeleg avgjerd om dette er venta i 2019. I samband med dette og som ein viktig del av beredskapen for ein øy- og fastlandskommune som Aukra er ferjetilbodet. I 2018 har det vore dialog mot relevante aktørar for å klarlegge grunnlaget og moglegheitene for utvida ferjetilbod og beredskapsferje. Endeleg avgjerd om dette er venta å kome i 2019.

# MEDARBEIDARAR OG ORGANISASJON

## FASTE TILSETTE OG OPPRETTA ÅRSVERK

Kommunen nyttar no for første gong Visma BI som statistikkverktøy på personalstatus. Innmeldte tal på årsverk har tidlegare blitt rekna ut manuelt og har kun sett på fast tilsette. I BI-statistikken ligg òg vikariat og andre midlertidige stillingar med fast stillingsbrøk inne. Difor er tala på årsverk òg endra for åra 2016 og 2017 slik at utviklinga er i tråd med BI. Kommunen har gått bort frå å nytte stillingsheimlar da desse er

vanskelege å følge opp. Det er lønnsbudsjettet som bestemmer kor mange årsverk ein kan nytte. 346 kvinner og 108 menn har stilling i Aukra kommune ved utgangen av 2018, til saman 454 tilsette fordelt på 368 årsverk. Det betyr at tilsette i Aukra kommune har ei gjennomsnittleg stillingsstorleik på 81 pst.

## HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

Overordna HMS-plan vart vedteken i 2018. Overordna mål er at alle tilsette skal ha ein

### Faste tilsette og oppretta årsverk

	Tilsette			Årsverk		
	2016	2017	2018	2016	2017	2018
Sentrale styringsorgan	18	19	16	15,8	16,3	14,7
Gossen barne- og ungdomsskole	62	62	59	52,3	53,0	52,6
Julsundet skole	38	39	41	32,8	32,1	35,2
Barnebo barnehage	40	40	37	31,2	32,6	30,9
Bergetippen barnehage	24	20	21	20,2	16,6	16,9
Innvandring og integrering	20	31	26	20,0	31,0	25,5
Kultur	19	19	20	11,3	11,0	11,8
Institusjonstenester	126	120	112	69,8	78,0	75,8
Heimetenester	44	50	46	31,9	38,2	35,8
Helse	20	23	23	16,2	17,4	18,2
NAV	4	4	5	2,8	2,5	4,0
Tekniske tenester	5	4	5	4,6	3,6	4,4
Teknikk, eigedom og brann*	51	49	47	25,7	26,7	27,5
Utbygging	3	3	3	3,0	2,6	2,0
Einingsleiarar	15	15	13	14,43	14,43	12,51
<b>Totalt i Aukra kommune</b>	<b>474</b>	<b>483</b>	<b>461</b>	<b>351,9</b>	<b>376,1</b>	<b>367,9</b>

Inkl. frivillig brannmannskap



trygg og god arbeidsplass med lågt sjukefråvær og minimal risiko for helseskadar. Det skal vere høg grad av arbeidsglede, motivasjon og trivsel. Einingane skal lage egne tiltaksplanar i tråd med den overordna planen.

### Nærværstiltak

Einingane med høgast fråvær har hatt stort fokus på nærvær og dei fleste har gode tal for 2018. Nærværsgruppa har sett på gjentakande fråvær og mønsterfråvær. Det ser ikkje ut til at dette er eit problem i Aukra kommune. Kronisk sjukdom, muskel og skjelettlidingar og avtalte behandlingar er dei største årsaka til fråvær. Einingane er flinke til å følge opp tilsette og vere tett på når tilsette blir sjuk. Det er likevel eit ønske at tilsette i enda større grad varslar når det er behov for tilrettelegging for på den måten å unngå at dei blir sjukemeld.

### Inkluderande arbeidsliv


Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har behandla reviderde handlingsplanar og rapportar på eksisterande planar. Dette vil bli følgt opp av AMU kvart år. IA-arbeidet er godt innarbeidd og HRM-systemet etterspør om oppfølgingsplanen blir følgt.

### Sjukefråvær

Sjukefråværet totalt er på 6,8 pst. og har gått ned frå 8,1 pst. året før. Av dette er 1,25 pst. eigenmeldt og 3,38 pst. innanfor arbeidsgjevarperioden. For kvinner er fråværet 7,8 mot 9,3 i fjor og for menn 4,2. Institusjonstenester har redusert fråværet frå 9,3 i 2017 til 7,4 i 2018, mens heimetenesta ligg på same niva rundt 8 pst.. Skolane har gått ned frå 7 til 5,4 pst. mens barnehagane har gått opp frå 10,6 til

# 6,8%

Sjukefråværet totalt er på 6,8 pst. og har gått ned frå 8,1% samanlikna med året før.



14 pst. Tekniske tenester har gått ned frå 8,6 til 4 pst. Dei andre einingane og sentrale styringsorgan har redusert frå 6,8 til 4,6 pst.

### Sjukefråvær i prosent

	2016			2017			2018		
	Menn	Kvinner	Alle	Menn	Kvinner	Alle	Menn	Kvinner	Alle
Sentrale styringsorgan	1,8	6	4,8	13,8	5,4	7,7	0,5	3,7	2,6
Oppvekst og kultur	8	8	8	3,9	8,9	7,9	6,7	8,5	8,1
Helse, omsorg og velferd	1,3	9,5	8,3	3,0	9,3	8,3	4,2	7,6	6,7
Tekniske tenester	7,6	8,5	8	3,3	15,5	8,6	1,4	7,1	4,0
Einingsleiarar							0	2,5	2,4
<b>Totalt</b>	<b>5,5</b>	<b>8,5</b>	<b>7,9</b>	<b>4</b>	<b>9,3</b>	<b>8,1</b>	<b>4,2</b>	<b>7,8</b>	<b>6,8</b>

### Medarbeidarundersøkingar

Det er ikkje gjennomført nye medarbeidarundersøkingar i 2018. Handlingsplanane etter 10-faktor undersøkinga i 2017 har vore følgt opp av leiargruppa og AMU. Det har vore gjort eit godt arbeid etter arbeidsmiljøkartlegginga ved Institusjonstenester, og skriftlege og munnlege rapportar er presentert for administrasjonsutvalet (ADM) i heile 2018. Dei har etablert møtearenaer mellom leiing, tillitsvalde, verneombod og tilsette. Lokalt AMU har hatt møter ein gong i månaden og sjukefråværet ved sjukeheimen er redusert med over 30 pst.

### KOMPETANSE

Fleire kvinner har tatt fagbrev i helsefag seinare åra. Dette går over 1 ½ år og kan tilpassast arbeidskvardagen. Målet er at alle tilsette skal ha minst fagarbeidarkompetanse. Dette er eit krav til nyttilsette og eit tilbod til alle andre som arbeider innanfor yrker som tilbyr fagbrev. Statistikken er tatt frå utdanningskodene. Det viser ein nedgang i talet på kvinner med høgskole/universitet. Fleire av dei som har høgare utdanning tek vidareutdanning og har såleis høgare grad enn bachelorgrad. Spesielt gjeld dette undervisningspersonale og i nokon grad spesialisering innanfor pleie og omsorg. Fondet som gir stipend og støtte til dei som tek ekstra påbygging er eit godt tiltak og ser ut til å vere kjent for einingane.

### I 2018 er det innvilga stønad slik:

#### Kultur:

Leiarutviklingsprogram på masternivå - kultur

#### Skole:

- 2 som tek rektorutdanning
- 1 nettbasert utdanning x 30 stp. i faga «Tekst og skriftleg kommunikasjon og Språkopplæring og muntleg kommunikasjon»
- 1 x 30 stp. i «Lesing og skriving som grunnleggjende ferdighet»
- 1 x 30 stp. i norsk 2

#### Pleie og omsorg:

- Stipend til dei som tek helsefag

### SENIORAR

Gjennomsnittalderen for kvinner er 45 år og for menn 44 år. 99 tilsette er mellom 55 og 65 år, av desse er 84 kvinner. 40 tilsette er over 62 år.


I 2018 har 7 tilsette tatt ut alderspensjon og 4 AFP. 2 tilsette har fått uførepensjon.

Det er no muleg å ta arbeidsoppdrag/vakter etter å ha gått av med alderspensjon. Det er nokre som nyttar seg av den mulegheita, spesielt i skolen og i pleie og omsorg. Dette skal ikkje skyve yngre folk ut, men det gir mulegheit til å ha kompetente vikarar ved kortvarige behov.

### LIKESTILLING

Gjennomsnitt stillingsstorleik for kvinner er 83 pst. og for menn 78 pst. Dersom frivillig brannmannskap vert teke ut av statistikken, som er lagt inn med ein låg stillingsprosent for å få opptening av pensjon, blir gjennomsnitt stillingsstorleik for menn 84 pst.

68 pst av mennene og 59 pst. kvinnene har full stilling. 6 pst. og 17 pst. har mellom 80 pst. og 99 pst stilling. Frivilleg brannmannskap, 19 i talet, er sett opp med 3,8 pst. stilling for å sikre pensjonsopptening. Når desse vert trekt ut, er det ca. 20 fast tilsette som har under 25 pst. stilling. Dei fleste av desse har enten ein uføregrad, er studentar eller unge arbeidstakarar; tilsette som av forskjellige årsaker ikkje skal ha større stilling.



68 pst av mennene og 59 pst. av kvinnene har full stilling.

## Kjønnsfordeling etter område

	2016		2017		2018	
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
Sentrale styringsorgan	4	13	5	14	5	13
Oppvekst og kultur	36	157	38	153	39	159
Helse, omsorg og velferd	27	147	28	156	31	154
Tekniske tenester	39	24	34	22	33	20
Total	106	341	105	345	108	346
I prosent	24 %	76 %	23 %	77 %	24 %	76 %
Leiargruppa	6	13	6	13	3	14

## Likestillingsindeksen 2017

	Aukra		Heile landet	
	2016	2017	2016	2017
Andel barn 1-5 år i barnehage (prosent)	87,1	91,3	91,1	91,3
Andel menn blant kommunestyrerepresentanter (prosent)	61,9	61,0	61,0	61,0
Andel kvinner blant kommunestyrerepresentanter (prosent)	38,1	39,0	39,0	39,0
Andel menn med høyere utdanning (prosent)	19,3	29,5	29,1	29,5
Andel kvinner med høyere utdanning (prosent)	31,0	37,2	36,3	37,2
Andel menn (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	85,9	79,0	83,4	79,0
Andel kvinner (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	79,6	74,6	77,5	74,6
Gjennomsnittlig bruttoinntekt, menn (kr)	531 700	533 900	522 900	533 900
Gjennomsnittlig bruttoinntekt, kvinner (kr)	328 600	369 600	359 000	369 600
Andel sysselsatte menn (20-66 år) som jobber deltid (prosent)	17,7	11,2	12,5	11,2
Andel sysselsatte kvinner (20-66 år) som jobber deltid (prosent)	41,2	35,4	36,8	35,4
Andel fedre som tar hele fedrekvoten eller mer av foreldrepengerperioden	72,2	69,8	69,7	69,8
Grad av kjønnsbalansert næringsstruktur (skår)	0,46	0,6	0,6	0,6
Andel menn blant sysselsatte (20-66 år) i offentlig sektor (prosent)	20,2	29,9	29,9	29,9
Andel kvinner blant sysselsatte (20-66 år) i offentlig sektor (prosent)	79,8	70,1	70,1	70,1
Andel menn blant sysselsatte (20-66 år) i privat sektor (prosent)	70,2	63,4	63,4	63,4
Andel kvinner blant sysselsatte (20-66 år) i privat sektor (prosent)	29,8	36,6	36,6	36,6
Andel menn blant ledere (20-66 år) (prosent)	61,4	64,1	64,7	64,1
Andel kvinner blant ledere (20-66 år) (prosent)	38,6	35,9	35,3	35,9
Grad av kjønnsbalanse i utdanningsprogram på videregående skole (skår)	0,66	0,67	0,68	0,67

## Utdanning

Tal i %

	Ufaglært			Fagutdanna			Høgskole/universitet		
	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018
Menn	30	32	28	17	21	21	53	48	51
Kvinner	23	25	25	29	27	24	48	48	51
<b>Totalt</b>	<b>25</b>	<b>26</b>	<b>26</b>	<b>26</b>	<b>25</b>	<b>23</b>	<b>49</b>	<b>48</b>	<b>51</b>

Rekna av alle som har eit tilsettingsforhold i kommunen.

51 % av dei tilsette har høgskole, ein auke frå 48 % på fagutdanna sjøl om 8 har tatt fagbrev eller er i gang med fagbrev no. Mangel på fagarbeidarar betyr at det blir rekrutteret ufaglærte, men leiinga har fokus på at dei skal vidareut-

danne seg. Målet er at alle tilsette i Aukra kommune minst skal ha eit relevant fagbrev. Vidaregåande opplæring gir mange mulegheiter for å ta fagbrev samtidig med at ein er i arbeid.

## Deltid

Tal i %

Stillingsbrøk	Menn			Kvinner			Del av tilsette		
	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018
100	66	70	70	150	173	190	48	56	57
80-99,9	3	2	5	61	63	69	14	15	16
60-79,9	2	3	1	39	33	29	9	8	7
50-59,9	4	1	3	25	18	17	6	4	4
25-49,9	3	4	6	31	24	20	8	6	6
<24	28	19	23	35	21	23	14	9	10

Rekna av alle som har eit tilsettingsforhold i kommunen.

59 pst. av dei tilsette har full stilling, ei auke frå 56 pst. i fjor. 72 pst. har meir enn 80 pst. stilling. Det er og nedgang i stillingar under 25 pst.. Statistikken viser at det er ein god reduksjon i talet på kvinner med stillingar under 80 pst. Blant menn har 20 brannmenn ca. 3,8 pst. stilling. Dette kan kommunen ikkje endre og det

er fint å kunne tilby mindre stillingar til studenter og unge arbeidstakarar. Pleie og omsorg melder at dei ikkje har særleg grad av uønska deltid på noverande tidspunkt. Arbeidsgjevar vil likevel ha fokus på høgare stillingsbrøkar for alle med tanke på framtida sitt behov for fleire ressursar.

## Oversikt over tilsette i Aukra kommune fordelt på einingar, kjønn, heiltid/deltid

	Tot. tal på tilsette	Totalt antall tilsette		Full stilling		Deltid		Europeiske arb.takere		Ikkje Europa
		Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Begge
Administrasjon total	18	5	13	5	9	0	4	0	1	0
Gossen barne- og ungdomsskole	60	12	48	9	36	3	12	2	0	0
Julsundet skole	39	11	28	9	19	2	9	0	2	2
Bergetippen barnehage	22	2	20	2	9	0	11	0	1	0
Barnebo barnehage	33	0	33	0	22	0	11			
Innvandring og integrering	24	8	16	8	15	0	1	0	0	4
Kultur	20	6	14	2	4	4	10	2	4	1
Pleie og omsorg	158	23	135	11	57	12	78	1	1	9
NAV	4	0	4	0	2	0	2	0	2	0
Helse	23	8	15	5	8	3	7	0	0	0
Tekniske tenester	53	33	20	17	4	16	16			
Plan og utvikling	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Utbygging	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
<b>Totalt</b>	<b>454</b>	<b>108</b>	<b>346</b>	<b>68</b>	<b>185</b>	<b>40</b>	<b>161</b>	<b>5</b>	<b>11</b>	<b>16</b>

59 pst. av dei tilsette arbeider fulltid. For kvinner er det 53 pst. og menn 63 pst. menn. Vi vil alltid ha nokon med ønska deltidstillingar og det er positivt i forhold til studentar og elevar som får vere i praksis, likedan innanfor det frivillige brannvesenet. Tilbakemeldingane frå einingane er og at dei aller fleste no har ønska arbeidstid. Kommunen har 16 tilsette frå europeiske land og like mange frå land utanom Europa.


## Gjennomsnittleg årsløn

I heile 1.000 kr

	2016			2017			2018		
	Menn	Kvinner	Differanse i menns favør	Menn	Kvinner	Differanse i menns favør	Menn	Kvinner	Differanse i menns favør
Leiargruppa	782	754	3,70 %	796	783	1,70 %	879	799	10,00 %
Andre	459	430	6,3 %	467	442	5,7 %	483	446	7,3 %

Lønnsnivået for menn ligg 7,3 pst. over nivået for kvinner, ei auke i kvinners disfavour frå dei siste 2 åra. I leiargruppa er lønnsforskjellen 10 pst. i favør menn.

### Prosentvis fordeling av tilsette







*Elias Hukkelberg, foto Aukraskogen detaljar*

# Serviceavdelinga

## Delmål frå budsjettet 2018

## Kommentar

### Vi skal heve kvaliteten på papirarkivet og det elektroniske arkivet gjennom

- Innføring av nytt saks- og arkivsystem
- Rydding og klargjering av papirarkiv med fokus på dei einingane som ikkje er ferdig

Målet er ikkje oppfylt grunna at kontrakt med leverandør av nytt saks- og arkivsystem vart heva. Ny konkurranse vart køyrt i desember og oppgåva vert vidareført til 2019.

Grunna stor arbeidsbelastning i 2018 med innføring av ny portal og arbeid med GDPR, vart det ikkje anledning til å setje av nok tid til å rydde ferdig papirarkivet og klargjere for depot til IKA Møre og Romsdal. Oppgåva vert vidareført til 2019.

### Vi skal ha orden i eige hus gjennom å

- Implementere internkontroll på området informasjonssikkerheit
- Utvikle kvalitetssystemet Compilo

System for internkontroll etter implementering av GDPR, er godt i gang. Kommunen har oppgradert prosedyrane for personvern og informasjonssikkerheit. Overordna system for internkontroll vert utarbeidd i faggruppe informasjonssikkerheit i 2019. I 2019 vil kommunen også implementere ny versjon av kvalitetssystemet. I 2019 vil også arbeidet med å setje i gang ein anbudsprosess for nytt kvalitetssystem, setjast i gang. Dette skjer i samarbeid med ROR IKT-kommunane. Mogleg tidspunkt for lansering av nytt system er 2020/2021.

### Det skal vere ein god informasjonsflyt mellom kommunen og innbyggjarane

Ny heimeside vart lansert 3. desember 2018. Det vart lagt vekt på å betre informasjonen om tenestene som innbyggjarane kan søke på og fokusere på dei tenestene som er mest brukt av innbyggjarane. I tillegg er fleire skjema blitt elektroniske. MinSide vert lansert tidleg i 2019. Første teneste som vert lagt ut der, er tilgang til eigne faktura frå kommunen. I 2019 vert det arbeidd vidare med MinSide.

I 2018 starta avdelinga opp arbeidet med å utarbeide eit intranett for tilsette. Prosjektet er lagt på vent inntil vidare, då avdelinga ikkje har kapasitet til å prioritere dette arbeidet.

# 2019

Implementering av nytt saks- og arkivsystem skjer i 2019





## ØKONOMI OG AVVIK

Årsaka til mindreforbruket skuldast at den nye leverandøren av PC-ar ikkje leverte ei større bestilling til kommunen innan rekneskapsårets slutt. ROR Innkjøp signerte i juni 2018 ny innkjøpsavtale for PC-ar. Informasjon om pris per PC kom ganske seint, så kommunen fekk ikkje bestilt PC-ane som skulle gå av rulleringsbudsjettet før i oktober. Etter krav om leveringstid, skulle kommunen få levert dei bestilte PC-ane i god tid før årsskiftet. PC-ane var ikkje kommunen i hende ved årsskiftet og blir av den grunn belasta 2019-rekneskapen.

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
<b>2018</b>	19 184	19 520	-336	-1,7
<b>2017</b>	22 420	22 981	-561	-2,4
<b>2016</b>	19 139	18 534	606	1,9

Tal i heile 1 000 kr

## FRAMOVER

I 2019 vil avdelinga fortsetje deltakinga i dei ulike interkommunale faggruppene og prosjektgruppene. Dette tek ein del av dei tilsette si arbeidstid og utfordringa vert å oppretthalde grunnbemanninga i avdelinga samstundes som fleire deltek i dei ulike interkommunale gruppene.

Implementering av nytt saks- og arkivsystem skjer i 2019 og arbeid med eit nytt kvalitetsystem vert sett i gang dette året. I tillegg skal det vere fullt fokus på arbeidet med å bygge opp eit styringssystem for GDPR for Aukra, Midsund, Molde, Nesset, Rauma og Vestnes.

Arbeidet med å etablere eit intranett for tilsette i kommunen må vurderast på nytt.

Det må òg setjast av tid til å rydde ferdig i papirarkiva som ikkje er avslutta.

Framover må det setjast fokus på implementering av styringssystem og prosedyrar for personvern og informasjonssikkerheit. Dei tilsette og leiarane må ha kunnskap om korleis ein skal behandle og ta i vare personopplysningar etter det nye regelverket.

Det vert implementert fleire nye digitale løysingar i organisasjonen. Det må setjast fokus på opplæring i desse systema. Dette er viktig med tanke på å ta ut gevinstane med innføring av nye system og/eller arbeidsprosessar. Det må setjast fokus på gevinstrealisering når nye system vert teke i bruk.

**Aaslaug Søreide**  
Servicesjef

# Økonomiavdelinga

## Delmål frå budsjettet 2018

## Kommentar

**eHandel vert brukt til 30% av kommunen sine samla innkjøp**

Målet er ikkje nådd. Gjennom året har fleire som gjer innkjøp fått oppfrisking i bruken av systemet og vi ser no at fleire har teke i bruk løysingane. Målet er for 2019 konkretisert i forhold til innkjøp knytt til rammeavtaler. Avdelinga vil arbeide vidare med opplæring og forplikte organisasjonen i å bruke systemet.

**Alle fakturaer i organisasjonen er efakturaer ved årsskiftet**

Per 31.12.18. var 85 pst. av alle fakturaer kommunen mottok efaktuaer. Ønskje om 100% ser økonomiavdelinga har vore svært ambisiøst, og har for 2019 redusert dette ned til 95%. Dette målet vil vi framover arbeide systematisk for å nå.

**Elektronisk faktura-distribusjon ut av organisasjonen utgjør 70% av alle fakturaer ved årsskiftet**

I desember var 55% av kommunen sine fakturaer elektroniske. Arbeidet med å nå målet på 70% fortsett derfor i 2019

**Statleg initiert full digitalisert løysing for sjukemeldingar og refusjonskrav blir etablert**

Etablert. Siste del av digitaliseringa, inntektsmelding, skal være på plass i løpet av januar 2019.

**KOSTRA –rapport med analysedel innanfor tenesteområda vert utarbeidd innan juni**

Målet er ikkje nådd.

**Etablere mobile løysingar som sikrar effektiv handsaming av innkjøp, løn m.m.**

Løysinga er etablert for lønsslippar på mobil. Bestillings-app. for innkjøp er på plass og delvis teke i bruk.

**Styrke kompetanse for leiarar og merkantile ressursar i budsjettering, rekneskap, rapportering og løn gjennom jamleg kontakt og kursing.**

Dette er arbeid med i 2018, men dette vil måtte være eit kontinuerleg arbeid som og vil fortsette i 2019 og åra framover.

**Gjennom opplæring auke kunnskapen om og bruken av kommunen sine sjølvbeteningsmodular for tilsette (dokumentarkiv for lønsslipp m.m, oversikt over kompetanse, personalia med meir)**

Ved overgang frå lønsslipp på e-post, grunna GDPR, har dokumentarkivet blitt meir brukt av tilsette. Frå ROR-IKT vil legge til rette for pålogging slik at tilsette kan nytta løysinga også utanom arbeidsplassen. Ein ventar at dette gjer løysinga lettare tilgjengeleg.

**Utarbeide digital kursdokumentasjon for dagleg støtte og oppfrisking av organisasjonen sitt arbeid med økonomi og løn.**

Starta opp, men manglar retningslinjer og rutinar for at dette er fullgodt.

**Økonomireglementet er revidert og politisk handsama innan mars 2018**

Økonomireglementet vart politisk vedteke i desember 2018.

**Finansreglement er revidert og politisk handsama innan april 2018**

Finansreglementet vart politisk vedteke i juni 2018.

## ØKONOMI OG AVVIK

Meirforbruk i 2018 skuldast auka bruk av juridisk bistand og konsulenttenester ved innarbeiding av vedtekne endringar i Eigedomsskattelova og handsaming av mottekne klager.

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
<b>2018</b>	5 814	5 754	60	1,0
<b>2017</b>	5 426	5 592	-166	-3,0
<b>2016</b>	4 698	4 685	13	0,3

## FRAMOVER

Avdelinga vil i 2019 fortsette arbeidet med å etablere og betre kvaliteten på overordna rutinar, reglement, planar og rapporteringar, då spesielt utarbeiding av retningslinjer og rutinebeskrivingar knytt til nytt vedteke økonomireglement.

Økonomiavdelinga vil i 2019 ha fokus på å betre kvaliteten på kommunen sitt rekneskapen. Kvaliteten på rekneskap og løn er avhengig av korrekt handsaming av innkomne faktura, grunnlag for fakturering og korrekte lønsgrunnlag i tråd med avtaleverk. Økonomiavdelinga vil derfor arbeide for å betre denne i samarbeid med einingane/avdelingane.

Lønsområdet har hatt eit krevjande 2018 år med tilrettelegging av mange endringar på området. Berre knytt til reisegodtgjersle har det vore 7 vesentlege endringar dette året. I tillegg har Staten i 2018 etablert digitale sjukemeldingar og elektronisk oppfølging av desse. Siste del av denne omorganiseringa kjem i 2019 då innsending av inntektsmelding skal digitaliserast. Slike endringa krev mykje tilrettelegging i fagsystema, i tillegg til at alle som blir involvert i dei digitale prosessane skal ha nødvendige tilgangar og forståing av korleis systemet fungerer.

**Erna Varhaugvik**  
Økonomisjef

# FOKUS

på å etablere og betre kvaliteten på overordna rutinar, reglement, planar og rapporteringar



# Organisasjonsavdelinga

Organisasjonsavdelinga har 2 årsverk med ansvar for å utarbeide overordna reglement, retningslinjer og prosedyrar på personalområdet.

Andre oppgåver er må rådgjeving, opplæring og oppfølging av einingane sine lokale handlingsplanar og tiltak innanfor HMS, IA, arbeidsmiljøundersøkingar og vere aktiv i rekrutteringsarbeidet i organisasjonen.



## ØKONOMI OG AVVIK

Tal i heile 1 000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
<b>2018</b>	3 744	3 449	295	8,6
<b>2017</b>	3 982	3 566	417	11,7
<b>2016</b>	4 409	4 306	104	2,4

Eit meirforbruk på kr 294.979. Meirforbruket ligg i hovudsak på forsikringar med eit meirforbruk på kr 291 525 og på poster som kursutgifter, avgifter, innkjøp av datautstyr og julebord.

## Delmål frå budsjettet 2018

**Planlegge og gjennomføre nødvendig opplæring og informasjon innafor digitale løysingar og endringar i tariffavtalar og lovverk.**

**Følgje opp lokale IA-handlingsplanar; at dei vert revidert og at det blir rapportert til AMU (arbeidsmiljøutvalet).**

**Følgje opp 10-faktor undersøkinga og arbeidsmiljøkartlegginga ved Aukraheimen og at AMU får rapportar på planlagte og gjennomførte tiltak.**

**Rapportere til AMU på arbeidshelserapportar, sjukefråvær og vernerunder**

**Utarbeide overordna HMS-plan, revidere plan for likestilling og mangfald og ferdigstille revidert utgåve av etiske retningslinjer.**

**Rekrutteringsprosessen skal forløpande bli kvalitets-sikra.**

**Bevare og utvikle det gode samarbeidet med tillitsvalde og verneombod.**

## Kommentar

Erfaring viser at det må settast av faste tidspunkt for slik opplæring og informasjon. Det blir til dels gjort med dei største einingane. Avdelinga møter óg gjerne på einingane sine personal- og avdelingsmøter. Leiinga i den enkelte eining må sjølv lære opp sine tilsette.

Fleire einingar har revidert og rapportert på IA-handlingsplanar i AMU-møter i 2018.

Rapportering frå 10-faktorundersøkinga har vore sak i AMU (arbeidsmiljøutvalet). Det har vore rapportert frå arbeidsmiljøkartlegginga ved Aukraheimen på alle møter i administrasjonsutvalet og vore sak i AMU.

Desse sakene vert lagt fram for AMU etter kvart som rapportane kjem. Viser her til årsmelding for AMU.

Overordna HMS-plan for 2018-2019 vart vedtatt i administrasjonsutvalet i mai 2018. Revidering av plan for likestilling og mangfald vart utarbeidd og sendt til politisk behandling i januar 2019. Etiske retningslinjer er revidert med vedtak i k-sak 19/18.

Dette er det alltid fokus på og avdelinga har tett kontakt med einingane undervegs. Det er viktig å vise respekt for dei som søker ved å ha gode rutinar i tilsettingsprosessen.

Org.avdelinga har mest kontakt med hovudtillitsvalde og hovudverneombod, mens einingane har den daglege kontakten med dei plasstillitsvalde og verneomboda. Det er etablert møtearenaer og kontakten med tillitsvald- og verneombodsapparatet skal bidra til at alle partar kan ta opp tema til drøfting og behandling.

## FRAMOVER

Planlegge og gjennomføre nødvendig opplæring/informasjon innanfor digitale løysingar og endringar i tariffavtalar og lowerk.

Ny sentral IA-avtale er vedtatt og ei lokal plan skal bli utarbeidd med oppfølging av tiltaksplanar på einingane. Ny IA-avtale har større fokus på å følgje opp hyppige og langvarige sjukefråvær, og arbeide for å forebygge at dei tilsette fell ut av arbeidslivet. Avdelinga vil følgje opp at leiarane får informasjon om og kompetanse på korleis dei kan redusere slik fråvær.

Ny 10-faktor medarbeidarundersøking vert gjennomført i 2019.

Utgåtte planar, reglement og retningslinjer blir revidert i løpet av året. Dette gjeld ma overordna kompetanseplan, rekrutteringsplan og lønnspolitisk plan.

Rekrutteringsarbeidet framover skal ha fokus på gjennomføring av dei gode tiltaka som enno ikkje har blitt sett i verk og korleis vi kan få eit godt samarbeid om dette på tvers av einingar og avdelingar. Arbeidsmiljøutvalet vil fortsette å utvikle det gode samarbeidet med einingane som fortset å legge fram fleire aktuelle saker for utvalet i tråd med vedtak i amu-sak 3/17.

AKAN-arbeidet blir sett på agendaen.

Vi skal vere ein open, ansvarleg organisasjon med høge krav til etisk standard.

**Rannveig H. Sporsheim**

Organisasjons- og personalsjef



**Vi skal vere  
ein open,  
ansvarleg  
organisasjon  
med høge  
krav til etisk  
standard.**







*Lis Kristin Groven, foto*

# OPPVEKST OG KULTUR

## ØKONOMI OG AVVIK - PEDAGOGISK RÅDGJEVAR

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
<b>2018</b>	8 270	8 333	-63	0,0
<b>2017</b>	7 640	7 808	-168	-2,2
<b>2016</b>	6 680	7 573	-893	-11,8

Mindreforbruk kr. 63 340.

*I heile 1 000 kr*

Årsaka til mindreforbruket er forsinka fakturering frå anna kommune for gjesteelev, om lag kr. 40 000.

Den private barnehagen Trollmyra Barnehage Aukra A/S vart lagt ned medio august 2018.

# 47,47

Årsverk barnehagane



## «SAMMEN»

Kulturavdelinga og Innvandring og integrering samarbeider om deltaking i SOS-barnebyar sitt prosjekt «Sammen». Dette er eit integreringsprosjekt der ungdom med norsk og innvandrarakgrunn vert sett saman i grupper. Gjennom aktivitetar dei liker møtast dei ni gonger.

Her blir gode relasjonar bygd. Etterpå får dei tildelt attestar for deltaking. I 2019 er målet å gjennomføre to grupper.



## SAMARBEID

Kulturskolen samarbeider tett med grunnskolen og vaksenopplæringa om undervisning av elevar i kunst og kulturfag.

## SAMARBEID OM DELTAKING I SOS-BARNEBYAR SITT PROSJEKT «SAMMEN»



## FRAMOVER

### Skole- og barnehagemiljø

I samarbeid med Kunnskapsnett Romsdal og Læringsmiljøsentret i Stavanger vil Aukras-kolen fortsette med kompetanseutvikling innafør SIM – Skolen sitt innsatsteam mot mobbing.

Aukra kommune har søkt Fylkesmannen om å vere med i ei nasjonal satsing for ytterlegare å heve kompetansen i arbeidet med godt miljø for barna. Satsinga inkluderer både barnehage og skole.

Plan for overgang mellom barnehage og skole er under utvikling. Den vi vere ferdig til våren.

På landsbasis er skolefråvær blitt ei aukande utfordring. Med omsyn til tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid, vil vi utarbeide ei kommunal brosjyre for kva vi gjer når skolefråvær bekymrar oss.

Kompetanseutvikling: Rekomp – dekomp

### Fag og fagområde

I samarbeid med Kunnskapsnett Romsdal og NTNU fortsett Aukra kommune tilbodet om vidareutdanning av lærarar i norsk, matematikk og engelsk, utdanning lokalisert i Molde.

Skolane vil intensivere arbeidet med å førebu implementering av nye læreplanar. Barnehagane fortsett med implementering av rammeplanen.

I 2019 vert felles tilstandsrapport for barnehage og skole utarbeidd.

# 53,66


Årsverk for undervisningspersonale

# 102

Tal på barn i SFO

# 543

Elevtall grunnskole



## TURSTI

1 km med ny tursti frå Matberget til Lauvåsen. Denne bind saman skole- barnehage området med turstien til Hundetjønna. Kommunen etablerte også nye småstiar og god tilrettelegging i Falkeparken ved omsorgssenteret.


## TILSKOT

Med tilskot frå Senter for Kriminalitetsforebygging vart SLT-koordinator tilsett i august.

## GRUNNSKOLEPOENG

Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som vert sluttvurdert med karakterar og vert nytta som kriterium for opptak til vidaregåande skule.

Poenga er utrekna som summen av elevane sine avsluttande karakterar, delt på tal på karakterar og ganga med 10.



## UNGDATAUNDERSØKINGA

I starten på 2018 gjennomførte skolane oppfølgingsarbeid etter Ungdataundersøkinga i 2107, ved å arrangere presentasjonar og workshops for ungdomsskoleelevar og foreldre på begge skolane. Ungdomsrådet var sterkt involvert desse dagane.

## ETTER SKOLETID

Tilboda «Etter skoletid» for ungdomsskoleelevar er populære. Dit kjem mellom 20 og 40 ungdommar kvar veke.

# Kick-off

Frivilligfesten i desember vart Kick-off for samarbeidsprosjektet med Nasjonalforeningen for folkehelse. Prosjektet «Utløse frivilligressursen for god folkehelse for alle» fekk ein god start, og vil fortsette med full drift i 2019

## Læringsutbytte i skolen

### Lesing, rekning og engelsk

Nasjonale prøvar i lesing og i rekning skal kartleggje i kva grad elevane sine dugleikar er i samsvar med mål for dei grunnleggjande dugleikane lesing og rekning, slik dei er integrerte i kompetansemål i læreplanar for fag i læreplanen Kunnskapsløftet (LK06). Engelsk er ikkje ein av dei grunnleggjande dugleikane i LK06. Derfor skil prøvane i engelsk seg frå dei andre nasjonale prøvane ved at dei tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Nasjonale prøver fortel ikkje heile sanninga om ein skole. Det er derfor viktig å sjå resultatata frå nasjonale prøvar i samanheng med annan informasjon om skolen eller kommunen.

Resultatet i søylediagramma viser samla resultat for faget. Kommentaraner under diagramma er på meistringsnivå per trinn.

### VIL DU VETA MEIR?


Kvar prøve er inndelt i ulike meistringsnivå.

På 5. trinn er meistringsnivået delt inn i 1-3 og ungdomstrinnet 1-5.

Les meir om dette på [www.skoleporten.udir.no](http://www.skoleporten.udir.no)



### 5. trinn




#### Kommentar til resultatet for 5. trinn

*Rekning:* Relativt mange elevar på lågt meistringsnivå (nivå 1). Resultatet for kommunen er 29,8. Møre og Romsdal 26,5 og landet 23,2. Få elevar på høgt meistringsnivå (nivå 3) med 8,5 for Aukra, Møre og Romsdal 16,7 og landet 22,3.

*Lesing:* Relativt mange elevar på lågt meistringsnivå (nivå 1). Resultatet for kommunen er 37,5. Møre og Romsdal 24,8 og landet 23,3. Relativt få elevar på høgt meistringsnivå (nivå 3) med 22,9 for Aukra, Møre og Romsdal 24,0 og landet 26,3.

*Engelsk:* Relativt mange elevar på lågt meistringsnivå (nivå 1). Resultatet for kommunen er 35,4. Møre og Romsdal 23,8 og landet 23,1. Få elevar på høgt meistringsnivå (nivå 3) med 18,8 for Aukra, Møre og Romsdal 22,8 og landet 25,6.


**8. trinn****Kommentar til resultatet for 8. klasse**

*Rekning:* Relativt mange elevar på lågt meistringsnivå (nivå 1 og 2). Aukra med totalt 36,2, M&R 31,1 og landet 29,7. Få elevar på høgt meistringsnivå (nivå 4 og 5). Aukra med totalt 20,2, M&R 29,5 og landet 32,9.

*Lesing:* Relativt mange elevar på lågt meistringsnivå (nivå 1 og 2). Aukra med totalt 36,7, M&R 29,0 og landet 25,8. Få elevar på høgt meistringsnivå (nivå 4 og 5). Aukra med totalt 19,7, M&R 26,3 og landet 31,7.

*Engelsk:* Relativt mange elevar på lågt meistringsnivå (nivå 1 og 2). Aukra med totalt 38,9, M&R 27,8 og landet 26,9. Få elevar på høgt meistringsnivå (nivå 4 og 5). Aukra med totalt 19,5, M&R 28,8 og landet 30,7.

## 9. trinn



### Kommentar til resultatet for 9. klasse

*Rekning:* Relativt få elevar på lågt meistringnivå (nivå 1 og 2). Aukra med totalt 17,2, M&R 19,2 og landet 19,1. Mange elevar på høgt meistringnivå (nivå 4 og 5). Aukra med totalt 46,8, M&R 46,9 og landet 48,1.

*Lesing:* Relativt mange elevar på lågt meistringnivå (nivå 1 og 2). Aukra med totalt 23,5, M&R 18,4 og landet 16,8. Mange elevar på høgt meistringnivå (nivå 4 og 5). Aukra med totalt 49,4, M&R 41,7 og landet 46,3.

## OPPSUMMERING NASJONALE PRØVER

Som alle andre år har elevane i Aukra kommune ei betydeleg fagleg utvikling frå hausten i 8. klasse til hausten i 9. klasse. Vi har enno ikkje greidd å identifisere kva som er suksessfaktor i undervisninga. Det må vi arbeide meir for å finne ut av.

## Læringsmiljø i skolen

Elevundersøkinga er ei spørjeundersøking frå Ut-danningsdirektoratet, der elevane skal svare på ei rekke med spørsmål om trivsel og læringsmiljø i skolen. Resultata frå elevundersøkinga viser elevanes subjektive oppfatning av eigen lærings-situasjon. Du kan lese meir om undersøkinga på [www.skoleporten.udir.no](http://www.skoleporten.udir.no)

### SKALAFORKLARING

Skala 1-5 der høg verdi betyr positivt resultat. Unnataket er mobbing, kor låg verdi er positivt.

## 7. trinn

Elevar på 7. årssteg melder om at dei er like nøgde, eller litt mindre nøgde, med miljøet enn elevar elles i fylket og landet.

Når det gjeld mobbing har vi ikkje offentlege tal for Aukra kommune. For fylket og landet er det om lag 6-7 prosent av elevane som melder om mobbing.

### SKOLEPORTEN - ELEVUNDERSØKINGA 2018

Aukra kommune, Grunnskole, Trinn 7, Begge kjønn

	Aukra	Møre og Romsdal	Landet	
Læringskultur	4,0	4,0	4,0	
Elevdemokrati og medvirkning	3,7	3,8	3,8	
Faglig utfordring	4,0	4,0	4,1	
Felles regler	4,3	4,5	4,4	
Trivsel	4,2	4,3	4,3	
Mestring	4,0	4,0	4,1	
Støtte fra lærerne	4,5	4,5	4,4	
Motivasjon	3,6	3,8	3,8	
Vurdering for læring	3,7	3,9	3,9	
Støtte hjemmefra	4,2	4,3	4,4	


## 10. trinn

Elevlar på 10. årsteg melder om at dei relativt sett er nøgde med læringskultur, elevdemokrati og medverknad, felles regler, trivsel, yrkes- og utdanningsrettleiing, støtte frå lærarane og vurdering for læring.

Når det gjeld mobbing har vi ikkje offentlege tal for Aukra kommune. For fylket og landet er det om lag 6-7 prosent av elevane som melder om mobbing.

### SKOLEPORTEN - ELEVUNDERSØKINGA 2018

Aukra kommune, Grunnskole, Trinn 10, Begge kjønn





Kommunebarometeret

# Oppvekst og kultur

93%


Visste du at 93 pst. av lærarane  
fyller krava til undervisning for  
8.-10. trinn?

Vil du lese meir?  
Bla om da vel!



## KOMMUNE BAROMETERET

Her er kommunebarometeret for Oppvekst og kultur. I tabellen er kommunens karakter merka med ulike nyansar av grønt. Det fungerer på den måten at desto mørkare grønt farga er, desto betre resultat fekk kommunen. Illustrert i baren rett under.



### BARNEHAGE

Aukra hamnar helt i botnsjiktet på årets tabell i sektoren. «Foreldre som har barn i små barnehagar, er meir tilfredse med tilbodet enn foreldre som har barn i mellomstore og store barnehagar», heiter det i ein rapport frå Fafo. I snitt har ein barnehage no 48 barn. Barnehagane i kommunen har ifølgje statistikken i snitt 46 barn.

Bemanninga blir no uttrykt i barn per årsverk, i staden for «opp-haldstimar per årsverk». Bemanninga var uendra i fjor i snitt, med 6 barn per voksar i kommunale barnehagar. Bemanninga i barnehagane i Aukra er midt på treet. Ifølgje tal frå SSB var bemanninga ein del betre i Aukra i fjor. Nesten ingen menn jobbar i barnehagane i Aukra.

I Aukra går 65 pst. av barna med minoritetsbakgrunn i barnehage. Delen er låg målt mot mange andre kommunar (snitt er 81 pst.).

# 38

Tal på nøkkeltal som har blitt betre

# 406

plass

### Barnehage

10 % vekt i barometeret	Kommunens nøkkeltall			Plass	Snitt	Topp	Kommunens karakter		
	2016	2017	2018				2016	2017	2018
BEMANNING: Antall barn korrigert for alder per årsverk i kommunale barnehager (15 %)	6,2	5,2	5,5	118	6,0	4,6	2,3	4,8	3,8
BEMANNING: Antall barn korrigert for alder per årsverk i private barnehager (5 %)	4,6	4,6	5,2	20	6,2	5,0	6,0	6,0	5,4
FAGUTDANNING: Andel styrere og ledere med pedagogisk utdanning, kommunale barnehager (15 %)	74	70	88	309	95	100	2,5	2,5	4,1
FAGUTDANNING: Andel styrere og ledere med pedagogisk utdanning, andre barnehager (5 %)	100	100	67	264	95	100	6,0	6,0	1,0
FAGUTDANNING: Andel ansatte i kommunale barnehager med pedagogisk utdanning, kommunale barnehager (15 %)	21	23	24	394	36	48	1,0	1,5	1,1
FAGUTDANNING: Andel ansatte i andre barnehager med relevant utdanning (5 %)	33	33	29	220	37	46	3,4	3,8	2,8
KJØNN: Andel ansatte som er menn, alle barnehager (7,5 %)	2,7	2,9	1,4	406	11,7	16,7	1,0	1,2	1,0
MINORITET: Andel av minoritetspråklige barn som går i barnehage siste år (7,5 %)	76	68	65	390	81	100	3,5	2,6	1,6
MINORITET: Andel av minoritetspråklige barn som går i barnehage, snitt siste fire år (5 %)	94	86	77	366	79	100	3,5	2,6	1,8
ÅPNINGSTID: Andel barnehager som har åpent minst 9 timer hver dag (5 %)	100	100	100	1	93	100	6,0	6,0	6,0
STØRRELSE: Barn per barnehage (5 %)	48	46	46	264	48	18	2,9	3,3	3,1
STØRRELSE: Leke- og oppholdsareal per barn i kommunale barnehager (5 %)	6,0	6,4	6,5	214	5,9	11,9	1,8	2,1	2,1
STØRRELSE: Leke- og oppholdsareal per barn i private barnehager (2,5 %)	8,0	8,0	6,0	82	5,3	9,2	4,9	4,8	2,6
DEKNINGSGRAD: Andel barn 1-5 år med barnehageplass (2,5 %)	85	85	88	286	91	100	2,7	2,5	3,0

## GRUNNSKOLE

Aukra er blant dei 50 beste på årets tabell. Karakterane på 10. trinn i Aukra har vore ganske bra dei siste fire åra, målt mot resten av Skole-Noreg. Nasjonalt har delen elevar som har fullført vidaregåande med bestått innan fem år, auka dei siste åra. Snittet er no på 73 prosent. Delen elevar frå kommunen som har fullført og bestått vidaregåande i løpet av fem år, er no på 78 prosent. Fråfallet har auka ein del frå kullet som starta i 2011, til dei som begynte året etter. Nedgangen i delen som har fullført og bestått er på 2 prosentpoeng.

I småskulen i Aukra får 8,3 prosent av elevane spesialundervisning. Delen er omtrent som for eitt år sidan. På 5.-7. trinn får 10,5 prosent av elevane spesialundervisning. Det er midt på treet målt mot andre kommunar. Dei som ligg lågast er på 5 prosent eller lågare. På ungdomsskule får 8,5 prosent av elevane spesialundervisning. Delen er låg målt mot dei fleste andre.

# 43

Tal på nøkkeltal som har blitt betre

# 30

plass

### Grunnskole

20 % vekt i barometeret	Kommunens nøkkeltall			Plass	Snitt	Topp	Kommunens karakter		
	2016	2017	2018	2018	2018	2018	2016	2017	2018
AVGANGSKARAKTERER: Snitt grunnskolepoeng (10. trinn) siste fire år (10 %)	42,4	42,1	41,8	67,0	41,0	43,0	5,8	5,2	4,7
AVGANGSKARAKTERER: Snitt grunnskolepoeng (10. trinn) siste år (5 %)	41,5	40,7	41,6	171	41,4	44,5	4,0	3,4	3,7
FRAFALL: Andel elever fra kommunen som har fullført og bestått vidaregåande innen fem år (10 %)	82	81	78	108	73	87	5,4	5,2	4,6
NP 5. TRINN: Andel elever på laveste mestringsnivå, snitt siste fire år (5 %)	27,4	32,1	31,3	242	24,1	19,5	4,2	2,8	2,6
NP 8. TRINN: Andel elever på laveste mestringsnivå, snitt siste fire år (10 %)	5,8	5,1	6,8	24	8,7	6,2	5,7	6,0	5,6
NP 9. TRINN: Andel elever på laveste mestringsnivå, snitt siste fire år (10 %)	3,0	2,4	2,4	6,0	4,9	2,9	5,7	6,0	6,0
SKOLEBIDRAG: Skoleresultater korrigert for sosiale faktorer på ungdomstrinnet, snitt siste to år (10 %)	3,3	3,5	3,5	51,0	3,5	3,7	2,6	4,3	4,3
"UTDANNING: Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 1.-7. trinn (5 %)"	68	75	87	71	70	100	3,3	4,0	4,7
UTDANNING: Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 8.-10. trinn (5 %)	94	76	74	164	68	100	5,6	4,3	4,0
UTDANNING: Andel lærere som oppfyller kravene til undervisning, 1.-7. trinn (2,5 %)	91	93	87	371	95	100	3,6	4,0	2,9
UTDANNING: Andel lærere som oppfyller kravene til undervisning, 8.-10. trinn (2,5 %)	88	88	93	318	96	100	1,9	2,4	4,0
TRIVSEL: 7. trinn, snitt siste fem år (5 %)	90	91	94	29	91	95	4,9	5,0	5,6
TRIVSEL: 10. trinn, siste fem år (5 %)	87	88	86	131	86	90	4,9	5,3	4,8
SPESIALUNDERVISNING: Andel elever med spesialundervisning 1.-4. trinn, snitt siste fire år (2,5 %)	6,1	8,6	8,3	318	5,2	2,8	4,3	2,2	2,2
SPESIALUNDERVISNING: Andel elever med spesialundervisning 5.-7. trinn, snitt siste fire år (2,5 %)	8,1	8,3	10,5	224	9,2	5,0	5,4	4,8	3,8
SPESIALUNDERVISNING: Andel elever med spesialundervisning 8.-10. trinn, snitt siste fire år (2,5 %)	8,4	9,0	8,5	76	10,2	6,3	5,5	4,9	5,1
LEKSEHJELP: Andel elever 1.-4. trinn som har leksehjelp (2,5 %)	10	4	8	303	16	68	1,7	1,3	1,6
LEKSEHJELP: Andel elever 5.-7. trinn som har leksehjelp (2,5 %)	50	54	60	45	29	82	4,0	4,2	4,7
LEKSEHJELP: Andel elever 8.-10. trinn som har leksehjelp (2,5 %)	0	0	0	230	8	51	1,0	1,0	1,0

## KULTUR

I Kommune-Noreg samla var gjestar på biblioteket uendra i fjor. Snittet er på 4,6 gjesting per innbyggjar. Biblioteket i Aukra har litt lågare gjesting enn normalen, ifølgje statistikken. 14 prosent av den vaksne befolkninga i Noreg er aktive lånereie på biblioteket, ifølgje Norsk kulturindeks frå Telemarksforsking. I Aukra er 12 prosent av dei vaksne registrert som aktive lånereie. Biblioteka låner ut stadig mindre, nasjonalt har omfanget aldri vore mindre per innbyggjar (3 utlån).

Justert for lønns- og prisvekster brukte ein kommune i snitt 775 kroner per innbyggjar av eigne pengar på idrett og idrettsanlegg i fjor. Det er rekord. Netto utgifter til idrett og anlegg er ikkje spesielt høge i Aukra; 681 kroner per innbyggjar.

Telemarksforsking set saman oversikt over kor mange kulturarbeidarar det er i kommunane, privat eller offentleg. I Aukra er sysselsetjinga ganske låg målt mot folketallet.

15 prosent av dei mellom 6 og 15 år går no på kultur- og musikkskule nasjonalt. Delen blei litt lågare det siste året. I kommunane der tilbodet er mest populært, er det sju gonger så mange som går på kulturskolen, som i dei kommunane med færrest elevar. Ifølgje statistikken er den 36 prosenten av barna som går på musikk- og kulturskule. Dei beste kommunane ligg på 52 prosent.

Norsk kulturindeks frå Telemarksforsking viser over kor mange timar kvar enkelt elev i kulturskolen får. I Aukra får elevane relativt få timar undervising målte mot resten av Kultur-Noreg.

# 63

Tal på nøkkeltal som har blitt betre

# 188

plass

### Kultur

Kultur	Kommunens nøkkeltall			Plass	Snitt	Topp	Kommunens karakter		
	2016	2017	2018				2016	2017	2018
2,5 % vekt i barometeret				2018	2018	2018			
BIBLIOTEK: Besøk i folkebibliotek per innbygger (7,5 %)	-	3,2	4,2	152	4,6	8,9	-	2,4	3,0
"BIBLIOTEK: Andel av vaksne som er aktive lånere på biblioteket (fra Norsk kulturindeks, Telemarksforsking) (5 %)"	13	12	12	251	14	26	3,0	2,7	2,7
BIBLIOTEK: Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (5 %)	2,5	2,1	2,1	337	3,0	7,1	1,5	1,5	1,8
BARN OG UNGE: Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud for barn og unge (15 %)	1 877	1 747	2 158	56	1 294	3 444	3,7	3,6	4,1
IDRETT: Netto driftsutgifter til idrett og idrettsanlegg per innbygger (15 %)	2 537	756	681	170	775	1 621	6,0	3,4	2,9
KINO: Kinobesøk per innbygger (2,5 %)	0,5	0,4	0,3	225	2,2	4,0	1,6	1,4	1,3
"SYSSELSATTE: Ansatte kulturarbeidere i kommunen (fra Norsk Kulturindeks, Telemarksforsking), per 1.000 innbyggere (15 %)"	2,6	2,3	2,8	284	9,2	12,5	1,5	1,4	1,7
MUSIKKSKOLE: Andel av elevene som går på kommunens musikk- og kulturskole (10 %)	45	41	36	67	15	52	5,1	4,5	4,2
MUSIKKSKOLE: Antall timer per elev (fra Norsk Kulturindeks, Telemarksforsking) (5 %)	10	10	10	340	13	24	1,5	1,7	2,0
FRITIDSSENTER: Antall besøk i året, per innb. under 20 år (10 %)	0,3	0,4	0,4	296	1,9	10,1	1,1	1,2	1,2
FRIVILLIGE: Andel av kulturutgiftene som er overført til frivillige (10 %)	4,8	5,8	8,0	118	6,8	18,7	2,1	2,4	3,0

# Gossen barne- og ungdomsskole

## Delmål frå budsjettet 2018    Kommentar

### Godt skolemiljø:

- Alle elevane skal oppleve eit trygt og godt skolemiljø
- Skolen vil jobbe saman med elevane og heimane for å nå målet om at alle skal høyre til
- Nulltoleranse mot mobbing, aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt dersom nokon blir krenka

Skolen har etablert Innsatsteam mot mobbing på skolen.

Skolen har gjennomført LINK-samlingar: livsmeistring i norske klasserom.

Skolen har helsesøster 4 dagar per veke.

Skolen har starta PIS-gruppe (gruppe for barn med skilte foreldre).

Skolen har auka kompetansen på handtering av utfordrande atferd ved å følgje ei kursrekke frå Midt-norsk kompetansesenter for Atferd.

### Fagleg utvikling for ALLE elevane:

- Frå læreplan til elev: sikre alle elvane god tilpassa opplæring slik at dei opplever meistring, og best mogleg utbyte av opplæringa mest mogleg i eit fellesskap. Vi skal ha høge forventningar til alle elevane
- Tidleg innsats: alle elevane som heng etter i 1. – 4. klasse skal få tilbod om intensiv opplæring i lesing, skriving og rekning

Språkløype: Skolen jobbar etter ein nasjonal strategi som skal styrke norske elever i språk, lesing og skriving.

Vurdering for læring: All vurdering skal fremme læring, og skolen har jobba spesielt med medverknad som er eit av dei forskningsbaserte prinsippa for god undervegsvurdering; elevane skal vere involvert i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og utvikling.

Tidleg innsats: Skolen har laga system/rutine for intensiv opplæring for dei elevane som heng etter i lesing, skriving og rekning i 1.– 4. klasse. Skolen kartlegg behov, sett inn tiltak og evaluerer.

## ØKONOMI OG AVVIK

Gossen barne- og ungdomsskole (GBU) har eit mindreforbruk på totalt kr: 218.128,- i 2018. Eininga rapporterte i 2. tertial om auka utfordringar med elevar med omfattande behov, men eininga greidde å ta utfordringane innafør ramma.

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
<b>2018</b>	33 397	33 615	-218	-0,6
<b>2017</b>	32 965	33 674	-708	-2,1
<b>2016</b>	32 742	33 632	-890	-2,7

## FRAMOVER

Mange nok kompetente vaksne som er tett på både fagleg og sosialt er vesentleg for å nå måla i opplæringslova og for gjer elevane best mogleg rusta for framtida

### Bygge eit lag rundt elevane

Lærarar: Å rekruttere nok kvalifiserte lærarar vil bli ei utfordring framover. Nytilsette lærarar får ikkje lenger undervise i norsk, matematikk og engelsk utan fordjupning: Kravet er minst 30 studiepoeng på barnesteget og 60 studiepoeng i ungdomsskolen.

Miljøterapeuter/assistentar: Det er behov for andre yrkesgrupper i skolen: Skolen treng miljøterapeuter med kompetanse for å danne eit lag rundt elevane. Miljøterapeutane/assistentane og lærarane må jobbe tett i lag for å utvikle elevane best mogleg fagleg og sosialt.

### Godt og inkluderande skolemiljø

Skolen jobbar kontinuerleg for at alle elevane skal ha det trygt og godt på skolen og lære mest mogleg både fagleg og sosialt. Til hausten vil skolen starte med VIPP-makker. Skolen, elevrådet, FAU og tilsette, har fått presentert opplegget frå ein representant frå Molde vidaregåande skole. Opplegget går ut på ei systematisk trening på å jobbe, vere gode arbeidskollegaer med alle.

### Fagleg utvikling for alle

Her på Gossen barne- og ungdomsskole er det mange nasjonalitetar, nokre har budd her lenge, andre har kortare butid her i landet. Dette fører til ekstra utfordringar for å tilpasse opplæringa best mogleg for alle.

### Nye læreplanar

Utdanningsdirektoratet jobbar no med å fornye alle læreplanane i grunnskolen. Dei nye læreplanane skal takast i bruk frå 2020. Viktig stikkord her er djubdelæring. Skolen har vore med å sendt innspel i høyringsrundane.

### Digitalisering

Det skulle vore laga ei ruteringsplan for elev-PC på skolane. Digitale ferdigheiter er ein av dei fem grunnleggande ferdigheitene i skolen. Undervisningsopplegg, kartleggingsprøver, eksamen krev at skolen er oppdatert.

### Kokk og ernæring

Skolen er svært glad for at skolen har fått kokk, og gler oss til å utvikle eit sunt og godt tilbodet til elevane framover.

### Folkehelse og livsmeistring


- Lage plan for å styrke den psykiske helsa til elevane, ønske om samarbeid med psykolog
- Pusterom-samarbeid med næringslivet for elevar som treng eit pusterom
- Tilbod om sommarjobb til alle i 10.klassingar må vere eit mål for Aukra kommune

### Heidi Falkhytten

Rektor

## NASJONALE PRØVER

Gossen barne- og ungdomsskole oppnår høgt resultat i rekning, 50 poeng. M&R hadde 49 poeng.



# Julsundet skole

## ØKONOMI OG AVVIK

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
<b>2018</b>	15 131	14 858	273	1,8
<b>2017</b>	15 341	15 600	-259	-1,7
<b>2016</b>	14 034	14 795	-761	-5,2


*I heile 1 000 kr*

SFO har brukt kr 75 000,- meir enn budsjettet. Dette kjem av høgare lønnsutgifter enn budsjettet.

I skolen skriv avviket seg frå fleire fødselspermisjonar enn budsjettet. For kvart barn som vert født, reknar ein med at eininga får utgifter på om lag kr 100 000,- Høgare utgifter på fritt skolemateriell kjem av auke i elevtalet ved skolen.


## SYMJING

Eininga arbeider med å gje elevane i kommunen eit likeverdig symjetilbod.



## 9. KLASSE

er godt over nasjonalt nivå i både rekning og lesing på nasjonale prøver.





## Delmål frå budsjettet 2017      Kommentar

**Eleven sitt psykososiale læringsmiljø: Resultat på elevundersøkinga for 7. og 10. årstrinn er lik eller betre enn nasjonalt nivå**

7.kl: Julsundet skole  
Nasjonalt:  
  
10.kl: Julsundet skole  
Nasjonalt:

**Nasjonale prøver. Del av elevar som presterer på lågaste nivå i kommunen skal vere mindre enn dei som presterer på lågaste nivå nasjonalt Del av elevar som presterer på høgaste nivå i kommunen skal vere høgare enn dei som presterer på høgaste nivå nasjonalt**

5.kl: Elevane presterer på nasjonalt nivå i rekning og under dette i lesing og engelsk  
8.kl: Elevane presterer under nasjonalt nivå i alle fag  
9. kl: Godt over nasjonalt nivå i både rekning og lesing

**Eksamen: Ikkje vesentleg forskjell på standpunktkarakter og karakter til skriftleg eksamen i 10. klasse.**

Eksamen: skriftleg  
Norsk hovudmål: 3,7- standpunkt 4,2  
Norsk sidemål: 3,8- standpunkt 3,9  
Eksamen munnleg:  
Norsk: 4,5- standpunkt 4,5  
Samfunnsfag: 4,9- standpunkt 4,7  
Engelsk: 5,4- standpunkt 4,3  
I skriftleg eksamen ligg karakterane noko under standpunktkarakterane. I munnleg ligg eksamensresultatet over.  
Både til munnleg og skriftleg eksamen er resultatene sterke

**Overgang grunnskole- vidaregåande opplæring: Alle avgangselevar skal starte i den vidaregåande skolen**

Alle elevane som går ut av 10. klasse, startar på eit av tilboda i vidaregåande skole

### FRAMOVER

- Få skolebygga funksjonelle. Alle garantisaker vert ordna
- Godt bookingsystem for brukarar av fleirbrukshuset
- Tilpasse den økonomiske ramma til eit auka driftsnivå. Dette gjeld både lærarar og administrasjonsressurs. Frå hausten 2019 vert det 6 klasser på ungdomstrinnet (våren 2018 var det 3)
- Gje elevane i kommunen eit likeverdig symjetilbod
- Etablering av matservering for elevar (kokk)
- God vurderingspraksis som fremmar læring
- Godt skolemiljø for elevane (kap. 9A)
- Gode faglege resultat

**Hanna Valved Korsvik**  
Rektor


# Barnebo barnehage

## ØKONOMI OG AVVIK

Mindreforbruk skuldast større inntekter enn budsjettet. Størst er meirinntekter knytta til refusjonar frå staten og brukarbetaling.

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
<b>2018</b>	16 286	17 091	-805	-4,7
<b>2017</b>	16 339	16 472	-133	-0,8
<b>2016</b>	16 204	16 687	-484	-2,9

I heile 1 000 kr



# 35

35 små barn i Barnebo barnehage.

# 64

64 store barn i Barnebo barnehage.



## FORELDREUNDER-SØKINGA 2018

På ein skala frå 1–5, kor 5 er best, har foreldra svart på ulike spørsmål knytt til deira oppleving av barnehagetilbodet. 73 pst. av foreldra deltok i undersøkinga.

Ute- og innemiljø	4,0
Relasjon mellom barn og voksen	4,5
Barnets trivsel	4,7
Informasjon	4,2
Barnets utvikling	4,6
Medvirkning	4,3
Henting og levering	4,2
Tilvenning og skolestart	4,4
Tilfredshet	4,3

## Delmål frå budsjettet 2017

## Kommentar

### Auke kvaliteten på innhaldet i tenesta gjennom tiltak under paraplyen «barns psykiske helse»

Eininga gjennomførte hausten 2018 tredje året ei meir «foreldreaktiv tilvenjing», med mål om trygg tilknytning i overgangen kor tryggleiksirkelen (COS) vert brukt som verktøy. Dette er no ei fast ordning som foreldra og dei tilsette er godt nøgt med og ser verkar.

Å forebygge, avdekke, handtere og følgje opp mobbing startar i barnehagen. Eininga har vore med og utarbeidd Plan for å fremme eit godt psykososialt miljø i Aukrabarnehagen. Planen vart gjort kjent for foreldre og rådsorgana til barnehagen. Planen vart gjort kjent for og er teken i bruk i konkrete saker. Den sikrar eit forebyggjande perspektiv, at mobbing vert avdekt og systematikk i arbeidet når forhold vert avdekt og skal følgast opp.

Eininga har gjort Handlingsplan mot vald i nære relasjonar kjent for foreldre og tilsette i barnehagen og det er utarbeidd flytskjema ved mistanke om vald og overgrep mot barn.

Ein tilsett ferdig med vidareutdanninga Tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge. Ho vert brukt som ressursperson i tverrfagleg arbeid, no i utarbeiding av plan for rus og psykisk helse.

### Utdanne eigne tilsette til barnehagelærarar og barne- og ungdomsarbeidarar

Med til saman 35 små og 64 store barn skal Barnebo barnehage ha 10 pedagogiske leiarar etter ny pedagognorm. Av desse hadde 2,8 dispensasjon frå utdanningskravet.

Ein tilsett tek arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning.

Ein tilsett tok fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar.

### Auke den barnehagefaglege kompetansen til alle tilsette innan prioriterte kompetanseområde

Eininga har hatt fokus på implementering av rammeplanen i det barnehagebaserte kompetansehevingsarbeidet:

Avdelingane har fått Ipad til pedagogisk bruk saman med barna. I den forbindelse vart planleggingsdagen i april brukt til workshop i personalet med tema *barnehagen sin digitale praksis*. Fokus på digital dømmekraft, digital kreativitet og korleis barn kan vere produsentar og ikkje konsumentar i bruk av digitale verktøy.

Eininga har pakka ut omgrepet *mangfald* i barnehagen, med eit ressursperspektiv på omgrepet. Eininga har forska på korleis mangfald ser ut og korleis ein møter og fremmer likskapar og forskjellar på vår barnehage. Språket si betydning for utvikling av identitet.

*Livsmesting og helse* er tema eininga starta opp i 2018 og kor utvikling av tilsette sin relasjonskompetanse er viktig. Dette er ikkje avslutta.

## FRAMOVER

Tilsette og utdanne fleire barnehagelærarar og barne- og ungdomsarbeidarar.

Vidareutvikle barnehagen sin digitale praksis slik at digitale verktøy vert brukt i leik, kreativitet og læring.

Eininga fortsett arbeidet med å implementere rammeplanen på områda livsmeistring, helse og overgangar.

Arbeide for eit inkluderande barnehagemiljø kor barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverd og førebygge mobbing og krenking.

Utvikle eit godt tilbod saman med kokken, slik at måltid og matlaging i barnehagen gir grunnlag for utvikling av matglede og sunne helsevanar.

**Sissel Oliv Garseth**  
Styrar

# Bergetippen barnehage

## ØKONOMI OG AVVIK

Eininga har ved utgangen av 2018 eit mindreforbruk på kr. 347 928,-. Årsak til dette er refusjon frå staten i samband med sjukemelding. Den økonomiske ramma for Bergetippen vart justert ned med kr 1.496.000,- ved andre tertial. Barnehagen hadde tidlegare utvida drift, men har no gått over til ordinær drift med 5 avdelingar og kunne difor gå ned på ramma.

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
<b>2018</b>	9 394	9 742	-348	-3,6
<b>2017</b>	10 005	11 175	-1 170	-10,5
<b>2016</b>	10 489	10 168	321	3,2

*I heile 1 000 kr*

## Delmål frå budsjettet 2018

## Kommentar

**Rekruttering av barnehagelærarar.**  
Jmf. lov om barnehager.

Eininga treng 7 barnehagelærarar for å oppfylle lovkravet. Det er tilsett 5,5 barnehagelærarar i eininga og 1 barne- og ungdomsarbeidar tek barnehagelærarutdanning.

**Kompetanseheving**  
**Implementere Rammeplan**

Eininga arbeider for å utvikle ein felles pedagogisk plattform.  
2 tilsette har tatt fagbrev som barn og ungdomsarbeidar.  
4 tilsette deltok på nordisk konferanse om Reggio Emilia wfilosofien.  
1 tilsett tek barnehagelærerutdanning.

**Tidleg innsats**

7 tilsette deltok på 8 dagars kompetansehevande kurs om vald i nære relasjonar.

Spesialpedagogisk ressurs blir satt inn på bakgrunn av sakkyn- dig vurdering frå ppt og etter at vedtak er fatta av rådmann.

Felles plan for godt barnehagemiljø i Aukrabarnehagane er tatt i bruk.

**Satsingsområda:**  
**Språk**  
**Kultur**  
**Friluftsliv**

Etablert lokalt bibliotek og språkvegg.

Bruker programmet Troll med ord.

Turar i nærområdet. Utvikla vidare Nøtteskogen som turmål.

**Auka digitalisering**

Leiargruppa ved eininga er daglege brukarar av digitale verktøy.

Mykje informasjon og samarbeid skjer digitalt, både internt og eksternt. Stor del av felles informasjon til foresatte vert delt digitalt. Leiargruppa ved barnehagen har teke i bruk OneDrive til samarbeid om felles dokument. t.d. vekeplan.

Eininga har fokus på gode rutiner for å sikre at alle registrerin- gar i Visma kjem inn. Vi har hatt gjennomgang av GDPR og alle er oppmoda til å sette seg inn i dette.

**Udir sin foreldreundersøking gjennomført i november 2018.**

Svarrespons på over 80 %. Foreldre er jamt over godt fornøgd med tilbodet. Dei gjer tilbakemelding på oppleving av tryggleik og trivsel ved Bergetippen. Dei ønskjer endå betre tilgang til informasjon. Det er ønske om eit betre mattilbod.

**God overgang barnehage skole**

Gode rutiner er etablert. Har vore evaluert og gjort små endringar.

## FRAMOVER

### Kompetanseheving

Vere ein lærande organisasjon der vi i fellesskap får auka pedagogisk kompetanse gjennom arbeid med pedagogisk grunnsyn, rammeplan for barnehagen og grunnprinsippa i Reggio Emilia filosofien. Vidareføre og ivareta satsingsområda språk, kultur og friluftsliv.

Tilsette og utdanne fleire barnehagelærarar og barne og ungdomsarbeidarar.

Auka kompetanse ved eininga i foreldreveiledning og sertifisering i cos (circle of security) veiledning.

### Tidleg innsats:

- Gode rutiner og verktøy for å oppdage dei sårbare barna. Alle tilsette skal ha kompetanse og mot til å sjå og handle klokt når barn treng særskilt hjelp.
- Etablere kokkestilling i samarbeid med Julsundet skole. Fremme helse, mat og måltids glede. Tilby variert mat og måltider i tråd med helsedirektoratets kosthaldsråd. Vidareføre måltida som pedagogisk arena der barn deltek i mat og måltidsaktiviteter.
- Bærekraftig utvikling, jf. rammeplan: Barna skal lære å ta var på seg sjølv, kvarandre og naturen, og barnehagen har ei viktig oppgåve i å fremme verdier, holdninger og praksis for mer bærekraftige samfunn. Det handler om å tenke og handle lokalt, nasjonalt og globalt. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at dagens handlinger har konsekvenser for fremtiden. Gje barna mange og varierte naturopplevingar til alle årstider. Plukke og sortere søppel. Hauste frå naturen. Ta vare på dei tingene (leikene) vi har.

Arbeide for eit godt og inkluderende barnehagemiljø med okus på å skape gode sosiale arenaer.

### Digitalisering:

Eininga venter spent på nytt fagsystem.

Leiargruppa vil ta i bruk OneDrive som hjelpemiddel til deling/samarbeid om vekeplan og andre aktuelle dokument.

### Synnøve Rishaug

Styrrar

Bergetippen barnehage har **90** barnehageplassar fordelt på **5** avdelingar. Barn under **3** år tel for **2** plassar difor vil talet på barn variere mellom **60** og **70**.



Lov om barnehagar, Rammeplan for barnehagen, kommunale planer og verksemda si eiga årsplan legg føringane for det pedagogiske innhaldet i barnehagen.

# Innvandring og integrering

## ØKONOMI OG AVVIK

Årsoppgjeret viser eit meirforbruk på kr. 2.233.729,-. Dette skuldast i hovudsak meirutgifter eininga har hatt til busette flyktningar som har hatt behov for ekstra ressursar. Desse utgiftene er det søkt tilskot 2 på, men tilskotet var ikkje utbetalt ved frist for årsoppgjer. I tillegg skuldast det ei sein fakturering frå Molde voksenopplæringscenter som gjeld utgifter i 2016.

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
<b>2018</b>	8 346	6 112	2 234	36,6
<b>2017</b>	-21	0	-21	0
<b>2016</b>	0	0	0	0

I heile 1 000 kr

# 10

flyktningar vart busett i 2018. I tillegg kom ein person på familieinnvandring

# 22

personar deltok i kommunen sitt introduksjonsprogram per 31.12.18

# 10

Eininga har redusert staben med 10 årsverk i 2018.

## INTRODUKSJONSPROGRAMMET

23 personar avslutta introduksjonsprogrammet i 2018. Av desse gjekk 15 personar over til arbeid eller utdanning. Tre personar går siste året på grunnskol for vaksne og er i eit utdanningssløp. Dei resterande 5 personane er på arbeidsretta tiltak gjennom NAV.

### Delmål frå budsjettet 2018

### Kommentar

**Sikre eit fagleg godt innhald i introduksjonsprogrammet.**

I tillegg til opplæring norsk og samfunnsfag, gjennomgår alle deltakarane i introduksjonsprogrammet økonomikurs, arbeidslivskurs, foreldrerettleiingskurs (ICDP), datakurs og opplæring i helse og ernæring. Det er og eit samarbeid med kulturskolen om opplæring i kunst og musikk.

**Drifte elevbedrift der kommunen kan tilby egne praksisplassar, både til deltakarane i vaksenopplæringa og til andre som står langt frå arbeidslivet.**

Eining for innvandring og integrering driv både Dialogkafè og skreddarverkstad. Desse tiltaka vert flittig brukt av innbyggjarane i kommunen. Deltakarar i introduksjonsprogrammet, brukarar frå NAV og deltakarar frå andre kommunar har arbeidspraksis i desse tiltaka.

**Utstrakt samarbeid med frivillige organisasjonar og kulturavdelinga i kommunen.**

Saman med kulturskolen arrangerer Eining for innvandring og integrering Internasjonal veke. Eininga og kulturskolen samarbeider og om Småbarnstrall. Den årlege drakefestivalen er eit samarbeid med Røabukta velforening. Prosjektet «Saman», med støtte frå SOS Barnebyar, er eit samarbeid mellom Eining for innvandring og integrering og Kulturavdelinga. I tillegg samarbeider eininga med Røde Kors, avdeling Aukra omsorg, med leksehjelp, språkkafè og øvelseskøyring.

### EINSLEGE MINDREÅRIGE

Det er to døgnbemanna bufellesskap for einslege mindreårige. Dei tre eldste i denne gruppa har flytta til bufellesskap med tilsyn og vert følgt opp av Einsleg mindreårig oppfølgingsteam (EMO)

### EIGNE ARBEIDSRETTA TILTAK

Dialogkafèen og skreddarverkstaden, to populære tiltak som innbyggjarane i kommunen støttar opp under.



### FRAMOVER

Aukra kommune vart oppmoda om å busette 12 flyktningar i 2019. Saman med ekstraoppmodinga kommunen fekk om å busette 10 flyktningar i 2018, gir dette Eining for innvandring og integrering auka forutsigbarheit og grunnlag for vidare drift.

På bakgrunn av at kommunen likevel får færre flyktningar enn tidlegare, og ikkje fleire einslege mindreårige, er det og i 2019 naudsynt med ei nedbemanning på seks årsverk for å sikre ei for-svarleg økonomisk drift av eininga.

Eininga skal halde fram med tett individuell oppfølging og skreddarsying av introduksjonsprogrammet for den einskilde deltakar. Frå hausten 2018 har eininga hatt auka fokus på arbeidsretting av programmet. Ein tilsett har ansvar for tilrettelegging av praksisplassar, både i egne arbeidsretta tiltak og saman med aktørar i lokalt næringsliv. Etter vinterferien skal alle deltakarane i introduksjonsprogrammet og ha arbeidspraksis to dagar i veka og norskundervisning tre dagar i veka.

Vaksenopplæringa vil i 2019 ha mellom 35 og 45 elevar. Dette er deltakarar i introduksjonsprogrammet og andre deltakarar med rett og plikt til norskopplæring. NAV kjøper og norskkurs til nokre av sine brukarar. Nytt av i år er at vaksenopplæringa skal starte med familielæring. Ein stor familie med overføringsflyktningar skal få opplæring i norsk i vårsemesteret.

Aukra kommune har 10 einslege mindreårige flyktningar. I løpet av 2019 skal fleire av dei eldste over til einsleg mindreårig oppfølgingsteam. Då får dei større ansvar for sin eigen kvardag, men har dagleg tilsyn av oppfølgingsteamet. Frå hausten 2019 vil åtte av ti vere elevar i vidaregåande skole, og det vil berre vere eit døgnbemanna bufellesskap. Eininga held fram arbeidet med at barna skal få god og naudsynt omsorg og legg til rette for at dei skal verte gode og sjølvstendige vaksne.

Eininga vil framleis ha fokus på integrering i lokalsamfunnet og arbeide for at alle skal trivast i kommunen.

**Anne Lisbeth Lillebostad**  
Einingsleiar



# Kultur

## Delmål frå budsjettet 2018 med kommentar

---

### **Vedta og innarbeide ny MOT-avtale; «MOT Løftet 2017» i løpet av våren 2018.**

Kommunestyret vedtok ny samarbeidsavtale med MOT; Kommunen som samfunnsbyggjar og to ungdommar ved Gossen BU er utdanna som «Ung MOTleiar» ved MOT Camp.

---

### **Vi skal styrke det førebyggjande barne- og ungdomsarbeidet ved å tilsette ein medarbeidar i prosjektstilling i 2018.**

Ungdomsarbeidar i prosjektstilling vart tilsett 1. februar og tilbodet «Etter skoletid» vart starta, først på Gossen og deretter i Julsundet.

---

### **Arbeide for å betre det tverrsektorielle folkehelsearbeidet gjennom å etablere ei folkehelsegruppe der barnehagar, skolar og helsetenesta er viktige deltakarar.**

Dette er framleis eit fokusområde. I samling med aktuelle representantar for å etablere ei folkehelsegruppe ønska deltakarane at tema heller skal opp jamleg i leiargruppa.

---

### **Følgje opp arbeidet med Kyststi vidare frå Komedantholmen og nordaustover mot Kleivhaugen.**

Det er eit stort ønske frå innbyggjarane at Aukra kyststi skal utvidast i tråd med arealplanen. Det vart gjort eit forsøk på å få til det, utan å lukkast. Utviding er framleis eit mål.

---

### **Utvikle arbeidet med frisklivssentral i samarbeid med helsetenesta og få med fleire deltakarar.**

Faste samarbeidsmøte med helsetenesta er godt etablert. Har starta lågterskel treningstilbod saman med Gossen IL. Deltakarar i Frisklivssentral og Aktiv på dagtid kan vere med.

---

### **Auke fokuset på gode levekår for alle innbyggjarar i Aukra kommune, særleg for dei som har ein utfordrande kvardag.** Dette har ikkje fått nok fokus. Utstyrssentral og redusert betaling til fritidsaktivitetar er tiltak som gjer at fleire kan ta del i aktivitetar.

---

### **Systematisere samarbeidet med velforeiningar, grendalag og andre frivillige organisasjonar.**

Kommunen er avhengig av dei frivillige når det gjeld å ta vare på turstiar og friluftsområde. Det er viktig å ha dialog og finne kvarandre i dette arbeidet.

---

### **Samarbeide med frivillige lag og organisasjonar. Sende ut månadleg e-post om aktuelle saker, tilskot etc.**

Det er arbeid for å få fleire lag og organisasjonar registrert i Tilskuddsportalen. Hittil er 32 registrert.

---

### **Starte opp kor i samarbeid med pleie og omsorgstenestene med brukarar og pårørande som songarar.**

Kor vart starta opp og nokre øvingar er gjennomført. Det vart etter kvart utfordrande å finne dag som passa i forhold til andre tilbod på omsorgssenteret.

---

### **Fortsette samarbeidet med NAV med tanke på å ha folk i arbeidspraksis.**

Frivilligsentralen og kulturskolen har hatt tilbod til personar i arbeidspraksis. Dette samarbeidet vil fortsette.

---

### **Vidareutvikle engasjement for det lokalhistoriske arbeidet gjennom å etablere historielag.**

Gjennomført presentasjon og verving på Aukradagen og open dag i Julsundet. Få meldte seg, men arbeidet vert vidareført.

---

### **Gjennomføre dei prioriterte tiltaka som er vedtatt i handlingsdelen av kulturminneplan.**

Gjennomført skjøtsel av bunkerar og kanonstillingar på Kleivhaugen. Restaurering av fire kanonstillingar er meir omfattande og kostnadskrevjande enn antatt.

---

### **Arbeide for å behalde og vidareutvikle tilboda vi har starta opp i vårt breiddeprogram; Småbarnstrall, Fleire Fargar og Elektronisk musikkproduksjon.**

Har satsa på tilbod med låg terskel for deltaking og mål om å nå flest mogleg. Tilboda er Småbarnstrall, Workshop i foto, kurs i Elektronisk musikkproduksjon og gitarkurs for vaksne. Har starta tilbodet Hip Hop dans på Julsundet med 17 barn.

---

### **Kompetanseheving blant tilsette innan IKT og digital kultur. Rekruttere kulturskolelærar med teknisk og digital kompetanse.**

Kulturskolen har hatt digital rådgivar på engasjement, med oppgåver som rådgiving og kompetanseoverføring i digitalt arbeid til personalet, arbeid med nettside, kursing i bruk av sosiale media, foto og marknadsføring av tilbod og tenester.

---

### **Arbeide for å få eit best mogleg folkebibliotek i det nye kulturhuset. Vi skal bruke tid på å sjå på framtidretta løysingar, og ta kontakt med bibliotek som har vore gjennom den same prosessen.**

Året vart prega av flytting til midlertidige lokale på Aukraheimen og det medførte mindre aktivitet enn åra før. Var stengt i 11 veker, og redusert opningstid i 6 veker til. Dette får konsekvensar for utlånstal og talet på besøk.

---

### **Ha fokus på arrangement og formidling med vekt på kvalitet og variasjon.**

SamLESITT, eit samarbeidsprosjekt mellom folkebiblioteka i fylket og Bjørnsonfestivalen, har hatt gode arrangement både i biblioteket, på skolane og for barnehagane.

---

## ØKONOMI OG AVVIK

Varsla reduksjon i inntekt 2. tertial kulturskole for bortfall sal av tenester internt i kommunen. Seinare er nye avtalar inngått med skole og vaksenopplæring slik at budsjett vart nådd. Meirforbruk kr. 62.258,- skuldast innkjøp av lys og lydutstyr til erstatningssal for Soltun, samt ikkje refundert tilskot frå fond til vidareutdanning kr. 20.705,-. Totalt for 3 personar innafor eininga kr. 35.611,-.

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
<b>2018</b>	10 745	10 440	305	2,9
<b>2017</b>	10 207	9 856	351	3,6
<b>2016</b>	9 202	9 304	-2	-

*I heile 1 000 kr*

Aukradagen har årleg kostnadsauke. Vart ikkje fremma i fjor då kostnad var kr. 53.000,- høgare enn året før. Hovudårsak er utgift til rigging, samt svikt i inntekt på kveldsarrangement. At kommunen no er åleine som arrangør er òg forklarande faktor. Kostnad 2018 var kr. 205.660,- og budsjett kr. 120.000,-.

Nedgang i besøkstal for bassenget, samt auke i vikarutgifter. Faste utgifter til drift av betalingssystem er ikkje kompensert for i ramme. Meirforbruket er kr. 60.850,-.

Ikkje avsette feriepengar er utbetalt for tilsett som slutta etter eige ønske, kr. 43.075,-.

Årleg auke i faste avgifter, lisensar og gebyr medfører kvart år ei utfordring som må kompensast gjennom bruk av aktivitetsmidlar. Ny MOT-avtale trådde i kraft og gav auke kr. 35.000,-.

## FRAMOVER

- Alle tilsette skal vere konstruktive bidragsytar i arbeidet fram mot nytt kulturhus. I år skal m.a. driftsprosjekt gjennomførast der effekt av å samle tenestene vert vurdert.
- Open kveld på Julsundet skal innarbeidast som eit fast tilbod og møtestad for ungdom.
- Systematisk arbeid med samordning av lokalt rus- og kriminalitetsførebyggande arbeid skal gjennomførast. Ei felles forståing som utløyser samhandling og gir rett hjelp til rett tid er viktig.
- Frivilligsentralen informerer og rettleier om økonomiske støtteordningar til lag og organisasjonar. Marknadsføring skjer primært gjennom Tilskuddsportalen og Facebook.
- Folkehelse er eit gjennomgåande perspektiv i kommuneplanen sin samfunnsdel. Det er framleis ei utfordring å få på plass det systematiske folkehelsearbeidet som skal vere tverrsektorielt.
- Utstyrssentralen vert stadig meir brukt og særleg er vintersesongen populær. Ekstra gledeleg er det at våre nye innbyggjarar låner meir utstyr. Den digitale ordninga er ei utfordring pga. mange feil. I samarbeid med leverandøren av dei digitale tenestene gjere portalen teknisk feilfri for brukarane.
- Biblioteket vil arbeide for å få publikum til å «oppdage» dei nye lokala gjennom aktivitetar og gode arrangement.
- Det blir oppstart registrering av gjenstandar, foto, film og dokument i det digitale registrerings- og forvaltningssystemet Primus til våren.
- Planlegging i gang av arrangement i Løvika, med ulike aktivitetar i bunkeranlegg og på flyplass. Målet er å etablere ei venneforeining for Løvik Fort.
- Gjennom Øyriket i Romsdal er det fokus på kulturisme og kva Aukra kommune vil presentere som interessante stader å besøke for turistar.
- I tråd med rammeplan arbeide systematisk med pedagogisk utviklingsarbeid for å vidareutvikle kulturskolen sine fag.
- Kulturskolen har som mål å få tilsett ein lærar med band- teknisk- og digital kompetanse. Dette i samband med komande ressursbehov i det nye kulturhuset.

**Anne Jorunn Sandøy**  
Kultursjef







*Ane Hoksnes Olsen, Trykk*

## HELSE OG OMSORG

Pleie og omsorg må sjå ressursar og kompetanse på tvers av einingane institusjon, heimete- neste og helse. Det vert viktig med tanke på å nytte rett person på rett plass og ha tilgjengeleg sjukepleiarkompetanse på alle vakter heile året. For å få til god samhandling på tvers av einingane er det viktig å bygge opp felles arenaer kor ein møtes i kvardagen. Dette kan ein få til ved å gjennomføre felles opplæring, felles møter, ha sambruk av rom, utstyr og kompetanse. Einingane i pleie og omsorg har i dag sambruk av nattvakter i felles turnus. Ein ser for seg at i framtida må ein ha felles turnusar og samkøyring av sjukepleieressursar, som skal yte teneste i legevaktsamarbeidet.

Etablering av legevaktsatelitt vil føre til at pleie og omsorg får fleire spennande arbeidsoppgåver, som kan verke attraktivt for tilsette som

likar utfordringar. Det kan vere ein faktor som bidreg til å trekke til seg kompetanse.

Eit viktig satsingsområde er å førebygge funksjonsfall og legge til rette for at tenestemottakarar kan bu heime i eigen heim lengst mogeleg. Auke i bruk av aktivitet og avlastning kan vere ein veg å gå for å nå målet. Rett bruk av velferdsteknologi og kompetanse kan gjere at einingane kan yte teneste til fleire ved å endre på måten ein utfører arbeidsoppgåver.

I 2018 har einingane gjennomført tverrfaglege møte mellom einingar/avdelingar i helse, pleie og omsorg kvar veke. Dette er ein viktig arena for å avdekke behov og intervernere i ein tidleg fase med tanke på førebygging, då fastlegane ofte er dei som kjem først i kontakt med potensielle tenestemottakarar.



# 17

I 2018 hadde PLO 17 personar i fallførebyggjande treningsgruppe.

Heiltidskultur-ingen fagarbeidarar på ufrivillig deltid.

## FRAMOVER

Einingane i helse, pleie og omsorg må framover ha eit samarbeid om opplæring, kompetansedeling og rekruttering av nye medarbeidarar. Då utfordringsbildet vert meir komplisert og utfordrande i framtida vert det viktig å sikre at vi har tilstrekkeleg og riktig kompetanse til å utføre arbeidsoppgåvene. Auka behov for teneste i befolkninga på grunn av demografiske variablar, auke i teneste innan psykisk helse og rus og etablering av legevaktsatelitt vil vere faktorar som krev samarbeid på tvers av einingane.

Folkehelsearbeid med tanke på førebygging på alle nivå vert viktig for å førebygge fysisk og psykisk sjukdom hos innbyggerane i Aukra. Det vert òg viktig å arbeide for at sjukefråværet hjå tilsette i Aukra kommune går ned. Auka fokus på tilrettelegging og meir aktiv bruk av avventande sjukmelding kan vere tiltak som gjer at fleire likevel kan vere i arbeid heilt eller delvis i ein periode dei ikkje fungerer optimalt. Dette krev aktivt samarbeid mellom tilsett, fastlege og arbeidsgjevarrepresentantar. Ved å nytte eigenmelding framfor sjukmelding kan det vere med på å redusere det administrative arbeidet, som sjukefråværet genererer.

# 100%

Barn som har fullført helseundersøkingar innan utgangen av 1. trinn  
(tal frå Kommunebarometeret)

# 82%

av 2-åringane som er med i vaksinasjonsprogrammet (tal frå Kommunebarometeret)

# 3,8

Snitt stønadslengde (månadar) for sosialhjelp for mottakarar mellom 18 og 24 år (tal frå Kommunebarometeret)

# 67%

Barn under omsorg som har omsorgsplan (tal frå Kommunebarometeret)

# Folkehelseprofilen

Tryggleik og trivsel i oppveksten er temaet for folkehelseprofilen 2019, og indikatorar og figurar tar utgangspunkt i dette temaet. Indikatorane som blir presenterte er generelt valde med tanke på helsefremjande og førebyggjande arbeid, men er også begrensa av kva for data som er tilgjengelege på kommunenivå. All statistikk må tolkast i lys av anna kunnskap om lokale forhold.

## Trygt og godt oppvekstmiljø i kommunen


Barn og unge si helse og livskvalitet blir danna i samspel med andre barn og vaksne i dei ulike miljøa som barn og unge er ein del av. Unge som opplever at dei har støtte frå foreldre, lærarar og medelevar, har mindre helseplagar og er meir tilfredse med livet.

### FAMILIEN

Familien danner grunnlaget for livskvaliteten og den psykiske helsa til barn. I ein trygg familie får barna omsorg og kjenner tillit, noko som er viktig når dei seinare i livet skal skape gode relasjonar til andre menneske. Familieøkonomien har mykje å seie for barna sin oppvekst. I planarbeidet er det viktig at kommunen er spesielt merksam på låginntektsfamiliar og andre utsette familiar, sjå figur nedanfor.



Førebyggjande tiltak som tar sikte på å styrke foreldrerolla har vist seg å ha positiv effekt på barna si psykiske helse og livskvalitet. Det finst ei rekke rettleiingsprogram for foreldre. Her kan helsestasjonane ha ein viktig rolle.

Del av barn som bur i låginntektsushaldingar (2017-tal)



### LEVEKÅR

Stønad til livsopphald i aldersgruppa 20-29 år ligg like under landsnittet. Dette omfattar mottakarar av uføretrygd, arbeidsavklaringspengar, arbeidsløysetrygd, overgangsstønad for einslege forsørgjarar og tiltaksmottakarar (individstønad).





**VENNER OG FRITID**

Med aukande alder får vennene og skulen stadig større betydning. Venner gir sosial og følelsesmessig støtte. Gode vennskap kan fremje god psykisk helse og livskvalitet og verne mot negative verkingar av mobbing og utestenging. Dersom det i lokalsamfunnet finst gode og rimelege fritidstilbod og møteplassar for barn og unge, kan dette vere med på å fremje gode relasjonar mellom ungdommane og hindre at nokon blir ståande utanfor.

Sosiale medium er i dag ein viktig arena for barn og unge. Sosiale medium kan gjere det lettare å halde kontakt med venner, finne nye venner og følge med på kva som skjer i lokalmiljøet og ute i verda. På den andre sida er det nokre som bruker så mykje tid på sosiale medium at det går utover søvn, skule og venner. Figuren viser kor stor del av elevane som bruker mykje tid på skjermaktivitetar.

Fleire kommunar har gode erfaringar med å opprette eigne møteplassar for ungdom som bruker så mykje tid på dataspel at det går utover søvn, skule eller andre fritidsaktivitetar. Slike møteplassar kan hjelpe ungdom tilbake til skule og jobb.



Del av skuleelevar som oppgir at dei dagleg brukar meir enn 4 timar på skjermaktivitetar utanom skoletida (Ungdata 2016-2018, tal i pst.)

BEFOLKNING	Aukra	M&R	Landet	Eining*
Andel barn, 0-17 år (2018)	23	21	21	prosent
Personar som bur åleine, 45 år + (2018)	18,9	23,8	25,4	prosent
Andel over 80 år, framskriven (2025, utrekning basert på middels vekst i fruktbarheit, levealder og netto innflytting)	6,0	5,7	4,9	prosent

HELSERELATERT ÅTFERD	Aukra	M&R	Landet	Eining*
Lite fysisk aktive, Ungd. 2017 (Ungdomsskole, fysisk aktiv (sveitt og andpusten) mindre enn éin gong i veka)	19	13	14	prosent (a,k)
Røyking, kvinner (2013-2017, fødande som har opplyst at dei røykte i byrjinga av svangerskapet i prosent av alle fødande med røykeopplysningar)	7	6,2	6	prosent (a)

\* = standardiserte verdiar, a = aldersstandardisert og k = kjønnsstandardisert



### SKOLE OG BARNEHAGE

Skolen er ein arena for fagleg og sosial utvikling. Å lære elevane strategiar for problemløysing, samarbeid og kommunikasjon kan styrke barn og unge si sjølvoppfatning, auke sjansane for at dei opplever meistring og betre moglegheita for læring, i tillegg til å førebygge angst og depresjon.

Gode barnehagar kan bidra til at barna meistrar skulen betre og til å jamne ut sosiale forskjellar. Særleg for barn frå familiar med låg sosioøkonomisk status, kan barnehagen ha stor betydning for språkutvikling og psykisk helse.


### MILJØ, SKADAR OG ULYKKER

	Aukra	M&R	Landet	Eining*
Nøgd med lokalmiljøet, Ungd. 2017 (Ungdomsskole, svært eller litt nøgd)	69	67	70	prosent (a,k)
Med i fritidsorganisasjon, Ungd. 2017 (Ungdomsskole, svarer «ja, eg er med nå»)	64	64	66	prosent (a,k)
Einsemd, Ungd. 2017 (Ungdomsskole, ganske mykje eller veldig mykje plaga)	23	21	19	prosent (a,k)
God drikkevassforsyning (ny def.) (2017, definert som tilfredsstillande resultat for E. coli og stabil levering av drikkevatn. Omfattar vassverk som forsyner minst 50 personar.)	100	90	91	prosent (a,k)
Forsyningsgrad, drikkevatn (2017, andel av totalbefolkninga som er knytt til vassverk som forsyner minst 50 personar)	84	90	88	prosent
Skadar, behandla i sjukehus, per 1000 (2015-2017, inkl. forgiftingar)	12,5	14,4	13,7	prosent


\* = standardiserte verdiar, a =aldersstandardisert og k = kjønnsstandardisert

**MOBBING**

Barn og unge som opplever mobbing har betydelig auka risiko for å få psykiske problem, søvnevanskar og kroppslege plager som vondt i hovudet og magesmerter. Når det gjeld digital mobbing, er det fleire grunnar til å vere bekymra for konsekvensane: Det er vanskelegare å skjermje seg frå digital mobbing enn frå anna mobbing.



Del av ungdomsskuleelevar som opplever at dei blir mobba minst kvar 14. dag (Ungdata 2016-2018, tal i pst.)



Del av ungdommane som synes at det i kommunen er eit bra tilbod av lokale der dei kan treffe andre unge ligg noko under landsgjennomsnittet. Ungdomsskolen svarar svært bra eller nokså bra tilbod.

Aukra 44% M&R 46% Landet 49%

**LOKALSAMFUNN**

Å vekse opp i eit nabolag og lokalsamfunn som er prega av fellesskap, sosial samhandling og varierte fritidsaktivitetar fremjer trivsel og helse blant barn og unge. I arealplanlegginga kan kommunen legge til rette for trygge og aktivitetsfremjande omgivnader der barn og unge får varierte moglegheiter for sosialt samvær, og for å leike og utfalde seg saman med andre.

Fritidstilbod som blir utforma slik at dei er tilgjengelege for alle, kan bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. For unge med mindre nettverk og for flyktingar og unge som står utanfor skule og arbeidsliv, kan slike tiltak bidra til å styrke kjensla av å høyre til i lokalmiljøet.

I arealplanlegginga kan kommunen legge til rette for trygge og aktivitetsfremjande omgivnader der barn og unge får varierte moglegheiter for sosialt samvær, og for å leike og utfalde seg saman med andre.

Gang- og sykkelveggar og kollektivtransport kan gjere det lettare og tryggare for barn og unge å treffast på fritida.

Det at barn og unge deltek aktivt i planlegginga saman med vaksne, til døme gjennom ungdomsråd, er viktig for å lukkast med utviklinga av gode lokalsamfunn. Når barn og unge deltek, skapar dette engasjement og ansvarskjensle, og tiltaka treff ungdommane sine behov betre.

HELSETILSTAND	Aukra	M&R	Landet	Eining*
Forventa levealder, menn (2003-2017, berekninga er basert på aldersspesifikk dødelegheit)	80,9	79,8	79,1	år
Forventa levealder, kvinner (2003-2017, berekninga er basert på aldersspesifikk dødelegheit)	85,6	84,2	83,3	år
Utdanningsforskjell i forventa levealder (2002-2016, vurdert etter forskjellen i forventa levealder, ved 30 år, mellom dei som har grunnskule som høgaste utd. og dei som har vidaregåande eller høgare utdanning)	-	4	5	år
Nøgd med helsa, Ungd. 2017 (Ungdomsskole, svært eller litt nøgd)	61	68	71	prosent (a,k)
Psykiske sympt./lid., 15-29 år (2015-2017, brukarar av primærhelsetenestene fastlege og legevakt.)	147	153	159	per 1000 (a,k)
Muskel og skjelett (015-2017, 0-74 år, muskel- og skjelettplager og -sjukdommar (utanom brot og skader), brukarar av primærhelsetenestene fastlege/legevakt/fysioterapeut/kiropraktor.)	339	343	319	per 1000 (a,k)
Overvekt og fedme, 17 år (2014-2017, KMI som svarar til over 25 kg/m <sup>2</sup> , basert på sjølvrapportert høgde og vekt frå nettbasert sesjon 1)	31 %	26 %	23 %	prosent (k)
Hjarte- og karsjukdom (2015-2017, omfattar innlagde på sjukehus og/eller døde)	14,3	16,6	17,7	per 1000 (a,k)
Antibiotikabruk, reseptar (2017, 0-79 år, utleveringar av antibiotika på resept)	220	350	340	per 1000 (a,k)

\* = standardiserte verdiar, a =aldersstandardisert og k = kjønnsstandardisert

OPPVEKST	Aukra	M&R	Landet	Eining*
Vgs eller høgare utdanning, 30-39 år (2017, høgaste fullførte utdanning (av alle med oppgjeve utdanning))	83	80	81	prosent
Låginntekt (hushald.), 0-17 år (ny def.) (2017, barn som bur i hushald med inntekt lågare enn 60 % av nasjonal median, og brutto finanskapital under 1G)	8,4	7,6	9,2	prosent
Ulikskap i inntekt, P90/P10 (2017, forholdet mellom inntekta til den personen som ligg på 90-prosentilen og den som ligg på 10-prosentilen)	2,6	2,6	2,8	-
Bur trangt, 0-17 år (2017, å bu trangt er definert ut ifrå areal og antal rom)	15	14	19	prosent
Barn av einslege forsørgjarar (2015-2017, 0-17 år, av alle barn det vert betalt barnetrygd for)	13	14	15	prosent
Blir mobba, Ungd. 2017 (Ungdomsskole, opplevd mobbing kvar 14. dag eller oftare)	7,1	8,5	7,4	prosent (a,k)
Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. kl. (Skuleåret 2015/16-2017/18)	29	27	24	prosent (k)
Lågaste meistringsnivå i rekning, 5. kl. (Skuleåret 2015/16-2017/18)	32	24	23	prosent (k)
Fråfall i vidaregåande skole (2015-2017, omfattar elevar busett i kommunen)	15	19	21	prosent (k)
Trur på eit lykkeleg liv, Ungd. 2017 (Ungdomsskole, svarar «ja» på at dei trur dei kjem til å få eit godt og lykkeleg liv)	69	69	73	prosent (a,k)

\* = standardiserte verdiar, a =aldersstandardisert og k = kjønnsstandardisert

Kommunebarometeret

# Helse og omsorg

100%


Visste du at alle bebuarane på  
sjukeheimen har brukartilpassa  
einerom med bad/wc?

Vil du lese meir?  
Bla om da vel!



## KOMMUNEBarometeret

Her er kommunebarometeret for Helse og omsorg. I tabellen er kommunens karakter merka med ulike nyansar av rødt. Det fungerer på den måten at desto mørkare rødt farga er, desto betre resultat fekk kommunen. Illustrert i baren rett under.



### HELSE OG OMSORG

Legedekninga fortset å auke, slik den har gjort dei siste ti åra. Snittet er 11 legar per 10.000 innbyggjarar. Normalt har småkommunane langt høgare legedekning enn storbyane. Legedekninga i Aukra er på 8,2 legar per 10.000 innbyggjarar.

Delen av fastlegelistene som faktisk er opne, er no på 36 prosent nasjonalt. Det er ikkje mange fastlegg som manglar totalt, men vi kjenner ikkje til kor mange av desse som for eksempel er vikarar. I Aukra er det ledig plass på 100 prosent av fastlegelistene.

Det blir fleire helsesystrar og jordmødrer i Kommune-Noreg. Dersom det er feil stillingskode i A-meldinga, blir årsverka ikkje registrerte riktig. Dekninga av helsesyster målt mot tal småbarn i kommunen er middels. Dei beste ligg på 180 årsverk per 10.000 småbarn.

Tal tilsette med vidareutdanning innan psykisk helse er middels, målt mot tal innbyggjarar.

I dei tilfella kommunen står utan jordmor, har vi sett bort frå talet då kommunen i slike tilfelle sannsynlegvis leiger inn tenesta frå andre, noko som ikkje blir fanga opp i statistikken.

Ein del av 9-åringane i kommunen er ikkje vaksinerte mot meslingar, ifølgje statistikken. Kan kommunen hjelpe til at delen vaksinerte aukar?

# 255

Plass

# 32

Tal på nøkkeltal som har blitt betre

Helse	Kommunens nøkkeltall			Plass	Snitt	Topp	Kommunens karakter		
	2016	2017	2018				2016	2017	2018
7,5 % vekt i barometeret	2016	2017	2018	2018	2018	2018	2016	2017	2018
LEGEDEKNING: Andel legeårsverk per 10.000 innbyggere (10 %)	8,2	8,2	8,2	404	11,0	23,2	1,1	1,0	1,0
FASTLEGE: Andel av fastlegelistene som har ledige plasser (5 %)	100	100	100	1	36	100	6,0	6,0	6,0
FASTLEGE: Andel av fastlegelistene som mangler lege (5 %)	0	0	0	1	1	0	6,0	6,0	6,0
FASTLEGE: Andel ledige listeplasser (5 %)	18	17	18	79	4	36	3,5	3,4	3,5
HELSEØSTER: Antall årsverk per 10.000 innbyggere under 5 år (10 %)	38	124	122	83	78	180	1,0	3,9	3,9
PSYKISK HELSEARBEID: Antall med vidareutdanning innan psykisk helsearbeid, per 10.000 innbyggere (5 %)	7,8	11,8	11,5	150	8,6	20,4	2,7	3,7	3,7
JORDMOR: Antall årsverk per 10.000 fødte (5 %)					72	671			
"INNLEGGELSER: Antall innleggelses på sykehus per 1.000 innbyggere (5 %)"	214	223	144	66	151	128	4,9	4,3	5,1
SKOLEHELSE: Andel barn m fullført undersøkelse innen utgangen av 1. trinn (10 %)	98	79	100	1	87	100	5,8	3,3	6,0
HJEMMEBESØK: Andel hjemmebesøk, nyfødte innen to uker etter hjemkomst (10 %)	100	100	97	188	89	100	6,0	6,0	5,7
VAKSINE: Andel 2-åringar som er med i vaksinasjonsprogrammet (10 %)	82	79	82	355	95	98	1,5	1,0	1,0
VAKSINE: Andel 9-åringar som er vaksinert mot meslingar (10 %)	91	89	88	345	95	98	3,0	1,9	1,6
MEDISINBRUK: Total medisinbruk, per 10.000 innbyggere (5 %)	594	586	589	25	671	586	5,4	5,9	5,9
FOREBYGGING: Netto driftsutgifter forebygging, kr per innb - snitt fire år (5 %)	209	200	195	168	195	599	2,9	2,7	2,6



## PLEIE OG OMSORG

I Aukra har 74 pst. av dei tilsette fagutdanning. I dei beste kommunane er delen minst 84 pst. Dei ti siste åra har dei blitt langt fleire geriatriske sjukepleiarar i kommunane. Delen ligg no på 8,9 årsverk per 1.000 innbyggjarar over 80 år. I Aukra er det 16 årsverk med geriatrisk sjukepleiar per 1.000.

Av dei som bur på sjukeheim, har 80 pst. omfattande pleiebehov landet sett under eitt. I Aukra er det heile 93 pst. som er i denne kategorien. Det kan synast som om omsorga i veldig stor grad er heimebasert.

I Aukra er tal plassar i skjerma avdeling for demente 25 pst. av dei over 80 år som faktisk bur på sjukeheim. Denne dekningsgraden er langt høgare no enn for eitt år sidan, det er positivt. Endringa er på 6 prosentpoeng.

For landet totalt er det registrert tryggleiksalarmar tilsvarande 40 pst. av dei over 80 år som bur heime. Målt mot der mange gamle som bur heime, er delen registrerte tryggleiksalarmar i kommunen litt over middels

# 255

Plass

# 54

Tal på nøkkeltal som har blitt betre

### Pleie og omsorg

20 % vekt i barometeret	Kommunens nøkkeltall			Plass	Snitt	Topp	Kommunens karakter		
	2016	2017	2018	2018	2018	2018	2016	2017	2018
BEMANNING: Andel ansatte med fagutdanning (10 %)	75	74	74	254	74	84	4,2	3,7	3,4
SYKEHJEM: Andel av beboere i institusjon totalt med omfattende bistandsbehov (10 %)	76	84	93	42	80	98	3,5	4,5	5,5
DEMENTE: Andel plasser til demente, mot antall over 80 år på sykehjem (10 %)	21	19	25	336	37	86	2,3	2,1	2,5
KORTTIDSPASSER: Andel korttidsplasser av alle totalt antall plasser med heldøgns omsorg (5 %)	12	12	3	396	19	58	2,4	2,4	1,3
BEMANNING: Tid med lege på sykehjem (5 %)	31	18	39	89	1	59	3,1	1,5	3,9
BEMANNING: Tid med fysioterapeut på sykehjem (5 %)	27	26	34	79	0	58	3,3	3,0	3,8
ENEROM: Andel brukertilpasset enerom på sykehjem med bad/wc (5 %)	100	100	100	1	87	100	6,0	6,0	6,0
DAGTILBUD: Antall vedtak om dagaktivitet, målt mot andel over 80 år som ikke bor på institusjon (5 %)	32	32	18	51	10	28	6,0	6,0	4,3
REHABILITERING: Plasser avsatt til rehabilitering i institusjon per 1.000 innbyggere over 67 år (5 %)	4	3	0	353	4	13	2,3	2,3	1,0
PROFIL: Gjennomsnittlig antall tildelte timer i uken, hjemmesykepleie (5 %)	3,7	3,8	3,9	227	4,8	10,5	2,0	2,1	2,1
HJEMMETJENESTE: Andel vedtak om hjemmetjenester som iverettes innen 15 dager (5 %)	99	97	98	233	95	100	5,3	4,8	5,1
SAMHANDLING: Antall døgn på sykehus for utskrivningsklare pasienter, per 10.000 innb. (5 %)	0	0	299	400	105	0	6,0	6,0	1,6
TRYGGHET: Antall trygghetsalarmer, målt som andel av hjemmeboende eldre over 80 år (2,5 %)	63	60	51	170	40	71	5,2	5,1	4,2
BEMANNING: Årsverk av geriatrisk sykepleier per 1.000 innb over 80 år (2,5 %)	22,1	22,5	16,0	75	8,9	24,2	5,5	5,6	4,3
HJEMMETJENESTE: Mottakere av matombringning, gruppa over 80 år som ikke bor på institusjon (2,5 %)	31	32	29	207	12	57	3,6	3,7	3,6
"FUNKSJONSHEMMETE: Andel med funksjonshemminger som får bistand til å delta i arbeid og studier (5 %)"	80	76	79	195	77	96	3,6	3,2	3,5
"FUNKSJONSHEMMETE: Andel med funksjonshemminger som får bistand til å delta i organisasjonsarbeid, kultur eller fritidsaktiviteter (5 %)"	38	33	39	364	60	85	1,7	1,3	1,9
FUNKSJONSHEMMETE: Andel med funksjonshemminger som får bistand til å delta i organisasjonsarbeid, kultur eller fritidsaktiviteter (5 %)	38	33	39	385	60	85	1,7	1,3	1,9

## BARNEVERN

Eit nytt nøkkeltal er delen barn i barnevernet. I barometeret er det positivt at delen er låg, men ein kan også argumentere for at låg del kan indikere at barnevernet ikkje er nok involvert. I snitt er 4,3 pst. av barna omfatta av tiltak. Når vi korrigerer delen av barn som er i barnevernet for behovet, er delen i Aukra på 7 pst. Eit ganske stort mindretal av barna i kommunen som er omplasserte, manglar ein omsorgsplan.

**292**  
plass

**56**  
Tal på nøkkeltal  
som har blitt  
betre

### Barnevern

10 % vekt i barometeret	Kommunens nøkkeltall			Plass	Snitt	Topp	Kommunens karakter		
	2016	2017	2018	2018	2018	2018	2016	2017	2018
OMFANG: Andel barn i barnevernet, korrigert for behovet (15 %)	3,4	5,8	7,0	322	4,3	3,2	5,6	4,0	3,5
SAKSBEHANDLINGSTID: Andel undersøkelser m behandlingstid under 3 mnd (15 %)	63	58	91	169	87	100	2,9	2,2	5,1
SAKSBEHANDLINGSTID: Andel undersøkelser med behandlingstid under 3 mnd, snitt siste fire år (10 %)	73	65	78	211	81	94	3,8	2,7	4,0
INSTITUSJON: Andel barn i institusjon og fosterhjem (10 %)					34	22			
INSTITUSJON: Andel barn i institusjon og fosterhjem, snitt siste fire år (10 %)					32	23			
ÅRSVERK: Stillinger med fagutdanning, per 1.000 mindreårige (10 %)	3,5	5,1	5,7	117	4,8	8,8	1,8	2,8	3,3
ÅRSVERK: Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk, f244 (5 %)	16	18	21	250	20	11	4,7	4,5	3,6
PLAN: Andel barn under omsorg som har omsorgsplan (5 %)	100	100	67	307	94	100	6,0	6,0	1,0
PLAN: Andel barn under omsorg som har omsorgsplan, siste fire år (5 %)		100	89	231	92	100		6,0	3,5
PLAN: Andel barn med utarbeidet plan (5 %)	44	80	90	140	85	100	1,0	4,0	5,0
PLAN: Andel barn med utarbeidet plan, snitt siste fire år (5 %)		67	71	251	83	99		2,7	2,8
TIDLIG INNSATS: Netto utgifter til forebygging, helsestasjon og skolehelsetjeneste, per innb. 0-5 år (2,5%)	9 378	11 470	10 780	187	9 064	20319	2,6	2,9	2,7
BRUKERPERSPEKTIV: Brukerundersøkelser siste fire år (2,5 %)	0	0	0	184	0	3	1,0	1,0	1,0

## SOSIALTENESTE

Nasjonalt har 10 pst. av dei med sosialhjelp, dette som hovudinntekt. Delen mottakarar som har sosialhjelp som hovudinntekt er låg. I barometeret tel det positivt. 70 pst. av søknadene om kommunal bustad blei i snitt innvilga i fjor. Delen har vore ganske stabil dei siste ti åra. I Aukra blei 29 pst. av søknadene om kommunal bustad innvilga i fjor.

**209**  
plass

**11**  
Tal på nøkkeltal  
som har blitt  
betre

### Sosialteneste

7,5 % vekt i barometeret	Kommunens nøkkeltall			Plass	Snitt	Topp	Kommunens karakter		
	2016	2017	2018	2018	2018	2018	2016	2017	2018
SOSIALHJELP: Snitt stønadslengde for mottakere mellom 18 og 24 år (15 %)	2,2	2,7	3,8	185	4,4	2,2	5,8	5,1	3,6
SOSIALHJELP: Snitt stønadslengde for mottakere mellom 25 og 66 år (10 %)	2,3	2,8	3,4	76	5,3	2,5	6,0	5,5	4,8
SOSIALHJELP: Andel mottakere 25-66 år som har mottatt økonomisk sosialhjelp, korrigert for behovet (10%)	9,2	10,5	11,6	346	5,9	3,9	4,2	3,6	2,2
SOSIALHJELP: Andel mottakere 18-24 år som har mottatt økonomisk sosialhjelp, korrigert for behovet (10 %)	4,7	4,4	4,5	220	3,7	2,4	4,4	4,7	4,1
SOSIALHJELP: Andel som går over 6 måneder på stønad (5 %)		15	22	81	38	15		5,6	4,8
SOSIALHJELP: Andel av mottakere med stønad i over 10 måneder (5 %)			7	31	20	5			5,7
ØKONOMI: Andel av mottakerne som har sosialhjelp som hovudinntektskilde (10 %)	7	13	8	68	10	6	5,9	5,3	5,6
AKTIVITET: Mottakere av kvalifiseringsstønad, andel av dem som går over 6 mnd på sosialhjelp (10 %)		44	24	38	16	36		6,0	4,3
ØKONOMISK RÅDGIVNING: Brukere som får gjeldsråd, som andel av langtidsmottakere (10 %)		289	24	288	57	246		5,8	1,5
BOLIG: Andel søknader om kommunal bolig som blir innvilget (10 %)	75	54	29	376	70	100	4,1	2,5	1,0
INDIVIDUELL PLAN: Brukere som har individuell plan, som andel av langtidsmottakere (5 %)					9	74			
INDIVIDUELL PLAN: Brukere som har individuell plan, som andel av langtidsmottakere (5 %)					9	74			

# Institusjonstenester

## ØKONOMI OG AVVIK

Eininga har ved årets slutt eit mindre-forbruk i forhold til justert budsjett for 2018 på kr. 73.621.

Etter andre kvartal 2018 rapporterte eininga eit meirforbruk på kr. 3.782', og eit estimert meirforbruk for 2018 på om lag kr. 4.500'. Ny prognose trefte godt med eit mindreforbruk på kr. 73'.

Eininga fekk etter rapportering i andre tertial vedtak om auke i ramme for 2018 grunna meirforbruk på lønskostandar. Høgt sjukefråvær i første kvartal førte til auka bruk av overtid og ekstra innleie av ressursar. Endra organisering i leinga, har gitt positive resultat med reduksjon i sjukefråvær.

Liggedøgn på sjukehus har vore ei utfordring i perioden frå mai til september 2018. Orsaka er ein kombinasjon av at pasientar vert skrivne ut tidlegare enn før, og at kommunen ikkje har kompetanse på alle felt. Frå september og ut 2018 nytta ikkje eininga liggedøgn for utskrivningsklare pasientar.

Reduksjon til 30 sjukeheimplassar vart innfridd først i oktober 2018.

Eininga fekk ein auke i lovpålagt avlastning i 2018. Avlastning er utfordrande og kostnadskrevjande sidan den ikkje let seg planlegge, og tilsette må difor arbeide overtid for å innfri dei lovpålagde krava kommunen har.

Ny teknologi har òg vore krevjande i 2018.

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
<b>2018</b>	54 639	54 712	-73	-0,1
<b>2017</b>	52 479	50 872	1 607	3,2
<b>2016</b>	46 634	45 355	1 279	2,8

*I heile 1 000 kr*

Nytt omsorgssenter har gjeve eininga auke i lisenskostandar samt ressursmessige og økonomise utfordringar i 2018 grunna manglande funksjonalitet i systemet. Eininga har i 2018 hatt ekstra bemanning og dertil ekstra kostnader som følgje av desse manglane. Til orientering kan eininga opplyse om at teknologien har kome på plass, og fungerer no tilfredstillande.


Ein av suksessfaktorane er eininga sin innsats og fokus på kostnadsreducerande tiltak i 2018:

Helsepersonell frå kommunen har reist til sjukehuset for å kartlegge tenestebehov hos utskrivningsklare pasientar for å kunne gje riktig omsorgsnivå.

Eit godt samarbeid mellom INT og HET har betra flyten i bruk av sjukepleiekompetanse mellom einingane, og vi har unngått innleie frå vikarbyrå i 2018.

Eininga har lukkas med å halde sjukefråværet lågt gjennom tett oppfølging av leing.

Fokus på opplæring av teknologi i nybygget.



## 14. MAI

Den 14. mai flytta bebuarar inn i nye Aukra omsorgssenter.

Det har vore ei omfattande opplæring av tilsette før, under og etter flytteperioden.

## Delmål frå budsjettet 2018

## Kommentar

**Flytte inn i nye Aukra omsorgssenter.  
Organisere opplæring i nytt bygg.  
Organisere flytting; bebuarar, inventar,  
bemanning.**

14 mai flytta bebuarane inn i nye Aukra omsorgssenter. Det har vore ei omfattande opplæring av tilsette før, under og etter flytteperiode.

**Drift av nye Aukra omsorgssenter. Ta i bruk  
ny velferdsteknologi.**

Pleie og omsorg har hatt utfordringar med å drifte pasientvarslingsanlegget i 2018. Eininga har hatt ei stor kartlegging av avvik, for å auke pasientsikkerheita. På slutten av året har drifta av teknologien stabilisert seg, og ein kan føle seg trygg på at systema fungerer som dei skal. Eininga vil fortsatt i 2019 ha eit stort fokus på opplæring av tilsette i bruk av velferdsteknologi. Alle skal gjennom eit program; Velferdsteknologiens ABC. Mål for 2019 er å ta i bruk meir velferdsteknologi i tiltak funksjonshemma.

**Heiltidskultur. Rett bruk av kompetanse.**

I 2018 har eininga 6 tilsette som har gjennomført og bestått fagprøven som helsefagarbeidar. I tiltak funksjonshemma har avdelinga 26 fagutdanna (4 høgskule og 22 fagarbeidarar), og 26 pleiemedarbeidarar.

På Aukra omsorgssenter sjukeheim er 28 av 36 med fagutdanning. På sjukeheimsdel er det ikkje vakansar, berre foreldrepermisjonsvikariat.

Nattevakt heimetenesta og institusjon; 9 av 10 er fagutdanna. Eininga har jobba systematisk med å forbetre turnusane slik at eininga har rett kompetanse på jobb sju dagar i veka. Eininga har auka stillingane til dei med helsefagleg utdanning og har per no ikkje vakanse. Eininga har i dag ingen på ufrivillig deltid.

## FRAMOVER

Samkøyring av kompetanse på tvers av einingane institusjon og heimetenesta. Eininga vil i 2019 ha fokus på felles opplæring for tilsette i heile Pleie og omsorg. Hovudtema i 2019 Velferdsteknologiens ABC, opplæringsprogram som alle tilsette skal gjennom (pleie og omsorg.)

Eininga arbeider no med å etablere legevaksatselitt i Aukra omsorgssenter, og det vil være eit behov for å sjå på korleis bemanning og kompetanse eininga skal ha på plass for å drifte dette tilbudet på ein forsvarleg måte.

I sjukeheimen skal det jobbast systematisk med forbetringar av pasientsikkerheita, og det vil krevje opplæring av tilsette.

Bergtun og avlastning vil ha som fokusområde å kartlegge mogleg bruk av teknologi, til dømes digitale tilsyn som eit tryggleiksskapande tiltak.

**Siri Halvorsen**  
Einingsleiar

# Heimetenester

## ØKONOMI OG AVVIK

Eininga har eit mindre meirforbruk i 2018 på kr. 117.136.

I 2018 har det vore naudsynt å ta inn ekstra bemanning på grunn av omfattande pleiebehov på heildøgns omsorg. Dette er ein konsekvens av omlegging frå sjukeheims plassar til heildøgns omsorg. Meirforbruk på heimesjukepleie for 2018 er på kr. 1.988'.

Avviket skuldast i all hovudsak høgare forbruk av overtid og ferievikarar enn budsjettert for området, saman med innføring av ny teknologi og auke i lisenskostandar. Omfattande opplæring grunna flytting til nytt omsorgssenter og kompleks sjukdomsbilete hjå brukarar har òg vore med på å auke ressursbruken.

Dagsentera har i lengre tid hatt vakanse. Eininga har vurdert behovet for bemanning og kome fram til at det er god dekning i forhold til norm, og at det til no difor ikkje har vore naudsynt å opprette fleire stillingar med det tilbodet og den etterspurnaden som er i dag. Dagsentra har eit samla mindreforbruk på kr. 1.586', og bidreg i stor grad til å dekke meirforbruket i heimesjukepleia.

Ressursane er nytta på dei nye trinna i omsorgstrappa, og særleg på bustadar med heildøgns omsorg jamfør omsorgsplan 2015 - 2018.

Ein av suksessfaktorane er eininga sin innsats og fokus på kostnadsreducerande tiltak i 2018:

Helsepersonell frå kommunen har reist til sjukehuset for å kartlegge tenestebehov hos utskrivingsklare pasientar for å kunne gje riktig omsorgsnivå.

Eit godt samarbeid mellom INT og HET har betra flyten i bruk av sjukepleiekompetanse mellom einingane, og vi har unngått innleie frå vikarbyrå i 2018.

Fokus på opplæring av teknologi i nybygget.

### Rekneskap Budsjett Avvik Avvik i %

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
<b>2018</b>	31 708	31 590	118	0,4
<b>2017</b>	29 282	30 854	-1 571	-5,1
<b>2016</b>	25 625	26 189	-564	-2,2

*I heile 1 000 kr*

# 3,9

Gjennomsnitteleg tal tildelte timar i veka for heimesjukepleie

(tal frå Kommunebarometeret).

# 98%

Vedtak om heimetenester som vert sett i verk innan 15 dagar

(tal frå Kommunebarometeret).

# 29

Tal på mottakarar som har matombringing, over 80 år som ikkje bur på institusjon

(tal frå Kommunebarometeret).

## Delmål frå budsjettet 2017

## Kommentar

**Innflytting i Aukra omsorgs-  
senter. Teke i bruk nytt tilbod  
i omsorgstrappa; heildøgns  
omsorgsbustader**

Eining heimetenester har base og dagsenter i omsorgssenteret. I samarbeid med pårørende flytta ein 7 brukarar frå Aukraheimen inn i heildøgns omsorgsbustader ved omsorgssenteret. Tilsette har planlagt flytting, flytta, fått opplæring og gjort seg kjend med nytt bygg. Ved årets slutt var 13 bustader teke i bruk.

**Opplæring i velferdsteknologi i  
nytt bygg.  
Felles opplæring; Velferdsteknologi  
s ABC  
Tryggleikspakke hos heimebuande**

Pleie og omsorg har hatt utfordringar med pasientvarslingsanlegget ved Aukra omsorgssenter, og det har kravd ekstra bemanning i situasjonar der varslinga har vore ustabil eller ikkje har fungert. Det er no i orden. Nytt bygg og ny teknologi har kravd mykje opplæring. Det som står att er å organisere opplæring i Velferdsteknologiens ABC for alle tilsette i pleie og omsorg. Utrulling av velferdsteknologi hos heimebuande utover heildøgns omsorgsbustader er noko forseinka grunna problem med pasientvarslinga i omsorgssenteret.

**Rekruttering av kompetanse**

**Heiltidskultur**

**Kompetanseplan**

Eining heimetenester har lukkas med å rekruttere i 2018, og det er ikkje noko stillingar vakant med unntak av 2 helgestillingar. Det vert gjort tilsettingar på nyåret 2019. Eininga legg til rette for heiltidskultur, og tilsette som går deltid gjer det etter eige ønske. Per i dag har eininga 19 sjukepleiarar ( 5 spesialisjukepleiarar), 16 fagarbeidarar og 8 assistentar.

Det har vore arbeid med ei felles kompetanseplan i pleie og omsorg.

**Aktiv bruk av dagsentertilbod for  
eldre og personar med utfordring  
med psykisk helse og rus**

Dagsentertilbod er eit viktig tiltak for å aktivisere brukarar, avlaste pårørende og ha eit tilbod for dei personane som slit med psykisk helse og rus. Tilboda gjer dei meir aktiv, og dei kan oppretthalde kontakt med andre.

## FRAMOVER

Eining heimetenester skal implementere velferdsteknologi hos heimebuande i 2019 og skifte ut analoge tryggleiksalarmar med digitale. Eininga ser det som viktig at innbyggjarar og tilsette vert kjent med dei moglegheitene som fins ved riktig bruk av teknologi. Det vert viktig å ta i bruk velferdsteknologi i dei høva det er funksjonelt for å frigjere ressursar og kompetanse til å løyse fleire og meir komplekse helseoppgåver og behandling/pleie.

Heimetenesta har som mål å legge til rette for at fleire kan bu heime lengst mogeleg. For å nå målet er det viktig å supplere med dagsentertilbod som kan avlaste pårørende og aktivisere brukarane. Dette vil eininga legge til rette for ved på sikt å foreslå å utvide opningstida på ettermiddag/kveld og på helg, slik at fleire kan nytte tilbodet.

Prosjektet «Fortsatt godt liv med demenssjukdom, med kunnskap, støtte og rett hjelp til rett tid» blei starta i 2017 med hjelp av statleg tilskot. Målet er metodeutvikling og kunnskapsformidling til samfunnet. Dette arbeidet vil eininga vidareføre komande år. Kvardagsrehabilitering som integrert modell er sett i verk med fagpersonar frå heimesjukepleia, dagsenter og helse. Gruppetilbodet med balansetrening viser god effekt ved at vi registrerer færre fall, og det vert viktig å vidareføre tilbodet.

Robuste og dyktige fagpersonar er viktig for å sikre kontinuitet og kvalitet i tenestene som kommunen har ansvar for. Statlege tilskot og kommunale midlar gjer det mogleg for medarbeidarar å få delfinansiert vidareutdanning, som einingane i pleie og omsorg treng i framtida. Det vil vere viktig for vidare rekruttering.

**Nina Kristin Tomren**

Einingsleiar

# Helse

## ØKONOMI OG AVVIK

Drift Helse har overforbruk på kr. 2.590.713. Dei viktigste årsakene til det er:

4011 Legevakt overforbruk på kr. 1.389.942. Viktigste årsak er auka kompensasjon for køyring med legevaktsbåtane på kr 802.176.

4060 Ambulansebåt overforbruk på kr. 421.966. Viktigste årsak er auka utgifter etter ny lønsavtale.

4090 og 4091 Drift ambulansestasjon og drift helsesenter er inntekter på kr. 455.000 er flytta over på eigendomsavdelinga og ikkje tatt ut frå Helse.

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
<b>2018</b>	16 804	14 214	2 590	18,2
<b>2017</b>	12 412	13 040	-628	-4,8
<b>2016</b>	11 194	10 610	585	11,1

*i heile 1 000 kr*

## Delmål frå budsjettet 2018

## Kommentar

### Legevakt

Kommunestyret vedtok at Aukra skal gå inn i eit samarbeid om legevakt med fleire kommunar som får legevaktsentral i Molde. Dette for å oppretthalde ei forsvarleg legevakt når Midsund og Sandøy slår seg saman med Molde og Ålesund i 2020.

### Ambulansebåten

*Aukra vil halde fram med drift av ambulanserbåten Dr. Riiber og i tillegg vert det jobba for å få beredskapsferje for kommunen.*

### Vaksine

Vaksinedekninga er 100 %.

### Helsestasjonen

Helsestasjonen vart godkjent i 2018 som ammekyndig helsestasjon. To helsesøstre er også sertifisert i 2018 som ICDP-rettleiingar i for foreldre. De tilbyr kurs i foreldrerettleiing

### Skolehelsetenesta

Skolehelsetenesta er bemanna med 80 prosent helsesøsterstilling i Julsundet og 100 prosent helsesøster på Gossen.

### Helse

Helse har hatt møte med psykolog som skal utarbeide et prosjekt for å betre skolemiljø og hindre mobbing i skolen.

### Fysioterapeutane

Fysioterapeutane har fått redusert ventetid for behandling og pasientar som har første prioritet får tilbod innan ei veke. Andre pasientar får time til behandling innan to til tre veker.

### Møter for betre samhandling og kvalitet i tenestene til pasientar

Legar, ergoterapeut, fysioterapeut, sjukepleiar ved heimetenesta, sjukeheim og dagtilbod har etablert faste møter for betre samhandling og kvalitet i tenestene til pasientar.

### Tannlege

Det er ikkje tilsett eigen tannlege i Aukra, men tannlege har tilbod om behandling faste dagar på helsesenteret.

### Pandemiplanen

Pandemiplanen vart ikkje revidert i 2018.



## FRAMOVER

### Legevakt

Etablering og planlegging av ny legevakt vert prioritert. Beredskap og ROS analyse må ta høgde for mellom anna endring i legevakt. Vurdering av etablering av satellittstasjon på omsorgssenteret blir vurdert. Vidare drift av ambulansébåt og ny avtale med Helseforetaket må bli utarbeida.

Ein må arbeide vidare med å sjå på korleis psykolog kan jobbe i kommunen og i samarbeid men andre. Ei utviding av stillinga er også aktuelt.

**Roald Borthne**

Helsesjef

## HELSESØSTER

**80%**

bemanna stilling i  
Julsundet

**100%**

bemanna stilling på  
Gossen

**100%**

Delen av barn som har fullført helseundersøkinga innan utgangen av 1. trinn.

# NAV Aukra

## ØKONOMI OG AVVIK

I heile 1 000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
<b>2018</b>	4 570	3 472	1 098	31,6
<b>2017</b>	3 690	3 399	262	8,6
<b>2016</b>	3 531	3 461	70	2,0

NAV Aukra har i 2018 hatt eit overforbruk.

Årsaka til overforbruket i 2018 skuldast fleire forhold. Fleire innbyggjarar i kommunen har ein vanskeleg økonomi, og fleire har teke kontakt med NAV. Blant desse er det og fleire familiar med små barn som ein må ta omsyn til. Vi ser og ei auking i bruk av økonomisk sosialhjelp frå unge som har falt frå skulen. Fleire av dei bur fortsatt heime med foreldre.

I 2018 mottok NAV Aukra nok eit år med ein dobling av antall søknader om økonomisk sosialhjelp samanlikna med året 2017.

Eit av tiltaka som har vore sentralt i 2018 er at det har vore stilt eit høgare aktivitetskrav til brukarne som har motteke langvarig økonomisk sosialhjelp. Fokus har vore å gje hjelp til å kome ut i arbeid.

Eininga har i 2018 hatt fleire tilflyttarar til kommunen som har hatt behov for økonomisk sosialhjelp for ein periode, hjelp til etablering og hjelp til å kunne kome ut i arbeid.

Fleire har stabil arbeidsinntekt, men prioriterer økonomien feil. Kommunen har også for 2018 hatt langt fleire saker til namsmannen enn det vi tidligare har hatt. Mange unge har motteke råd og økonomisk rettleiing, men ein erfarer at dei ikkje tek tak i økonomien.

Lett tilgjengelege kurs i økonomi og fokus på økonomi i skulen kan vere tiltak som kan virke forebyggjande.

# 11,6%

Delen av mottakarar 25-66 år som har motteke økonomisk sosialhjelp.

(tal få Kommunebarometeret)

# 29%

Del søknadar om kommunal bustad som vart innvilga

(tal få Kommunebarometeret)

# 8%

Delen av sosialmottakarar som har sosialhjelp som hovudinntektkjelde

(tal få Kommunebarometeret)

## Delmål frå budsjettet 2017

## Kommentar

### Økt individuelt tilpassa tiltaks- og virkemiddelbruk: Hurtigsporet i introduksjonsprogrammet

Eit tett og godt samarbeid med fleire einingar i kommunen har vore ein føresetnad for å fleire raskare i arbeid. For dei fleste flyktningane som har fått opphald, vil arbeid vere den beste integreringa. Hurtigsporet er for introduksjonsprogramdeltakara som allereie har kompetanse som er etterspurt i det norske arbeidsmarknad, og kan derfor kome raskt ut på ein relevant arbeidsplass. NAV kan tilby lønnskudd og andre virkemidler til arbeidsgjevarar for å stimulere til ein raskare overgang til arbeid. I 2018 skal NAV Aukra i tett samarbeid med eininga for innvandring og integrering og arbeidsgjevarar utnytta muligheita til ein raskare inkludering i arbeidslivet.

### Auka og tettare samarbeid med arbeidsgjevarar og andre samarbeidsaktørar

NAV Aukra har i 2018 hatt eit fokus på å auke samarbeidet med arbeidsgjevarar, bruk av ordinær arbeidsplass ved opplæring og arbeidstrening, inkludering. Dette vil eininga fortsetje med i 2019 sidan brukargruppa for inkludering har auka.

### Auka inkluderingskompetanse

NAV Aukra har prioritert brukarar under 30 år og barnefamiljar i individuell tilpassa arbeidsretta oppfølging. Eit tett og god samarbeid med fleire einingar har vore viktig for å nytta arbeidsmarkanden for å inkludere brukarar i arbeidslivet. NAV Aukra vil i 2019 fortsette med prioritere denne målgruppa.


## FRAMOVER

NAV Aukra vil fortsette med å arbeide for at det blir oppretta eit lågterskel aktivitetstilbod i kommunen for dei som mottar sosialhjelp. Prioriterte personar vil vere dei som er under 30 år, «hol» i CVen og ikkje har fått fullført utdanning.

NAV Aukra skal arbeide vidare med å auke kompetanse om arbeidsmarkanden, ein tett og god dialog og samarbeid med arbeidsgjevarar vil vere ein føresetning. NAV Aukra ynskjer å auke bruk av ordinær arbeidsmarknad som tiltaksarena for å inkludere våre brukarar i arbeidslivet.

Eit tett og godt samarbeid med eining for innvandring og integrering for å gje enkelte brukarar ein raskare integrering i arbeidslivet

**Kjerstin Mauseth**  
Einingsleiar



# Tekniske tenester

I år er det første året vi rapporterer som ei eining. Det betyr at felleskapittelet til PLU, TEB og UTB, samt einingssidene for desse tre einingane, vert erstatta med dette kapittelet.



## ØKONOMI OG AVVIK

I heile 1 000 kr

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
<b>2018</b>	29 312	28 928	384	1,3
<b>2017</b>	16 741	17 032	-290	-1,7
<b>2016</b>	20 762	22 863	-2 101	-9,2

Plan og utvikling og Teknisk, eigendom og brann blei i 2018 samanslått til Tekniske tenester

På tross av budsjettkorrigering 2.tertial, viser rekneskapen likevel eit stort meirforbruk på kostnader til straum. Dette skuldast at nye bygg har vore tatt i bruk, samtidig som det framleis er drift i dei gamle, og at det har vore svært høge prisar på straum siste del av 2018. Eininga arbeider saman med Istad for å redusere kostnader her. Dersom ein held sjølvkostområdet utanfor, er drifta likevel i balanse. Forklaringa her er eit mindreforbruk innan løns-/personalkostader og at vedlikehaldskostnadane er haldne på eit minimum, medan husleigeinntektene er større enn budsjettet.

Sjølvkostområder viser eit meirforbruk på om lag ein million. Dette skuldast i hovudsak at inntekter på renovasjonsgebyra ikkje dekker utgiftene. Eininga har hatt ekstraordinære utgifter her som skuldast tiltak kring avslutning av deponiet på Rothaugen. Meirforbruket må dekkast inn over gebyra dei komande åra.

# 2019

I 2019 skal kommunen utarbeide ei hovudplan for avløp.

# 2

To store byggeprosjekt skal følgast opp dei neste åra.

# 4

Fire større anleggsprosjekt skal fullførast i 2019.

## Delmål frå budsjettet 2018

## Kommentar

**Framhald med kompetanseheving innan fagfelte byggesak og oppmåling**

Gjennom intern opplæring er det meste av kompetansen som trengst for å gjere oppmålingsarbeidet på plass.

Deltaking i nettverk og brukarkonferansar.

Eininga er i dialog med nabokommunar om samarbeid om tilsyn.

**Arbeide vidare med høg fokus på god kvalitet og sikker leveranse i vassforsyninga.**

Hovudplan for vatn vart vedtatt i 2018.

Stort fokus på situasjonen i Tverrlia og optimalisering av produksjon. Dette har krevd ein del personalressursar frå eiga eining og i tillegg ein del innleigd kompetanse for studiar av vassbalanse og kjemikalier i 2018.

Utbetring av det eine filteret har ført til auka i kapasitet i Tverrlia.

**Eigedomsavdelinga, som har fått ein auka byggmasse, skal framleis ha fokus på effektivitetsauke og kvalitet, innanfor dei rammene som er gjeve.**

Det har vore eit krevjande år for Eigedomsavdelinga då fleire nye bygg vart tatt i bruk i 2018. Avdelinga mottok Arbeidsmiljøprisen for 2018. Vaktmeistertenesta er i endring etter kvart som vi tek i bruk nye teknisk kompliserte bygg. Eininga har styrka dette fagområdet.

**Sikre god fagkompetanse innan prosjektstyring**

Store byggeprosjekt er under arbeid. Prosjektleiarane har deltatt på kurs i byggherreforskrifta, offentlege kjøp, entreprisekontrakter. Eininga heldt innlegg på Eigedomskonferansen i Molde.

**Slutføring av kommuneplanen sin samfunnsdel**

Det har vore brukt mykje tid på samfunnsdelen til kommuneplanen. Alle einingane i kommunen har vore involverte, den administrative leiargruppa, næringslivet, lag og organisasjonar, dei politiske partia og i formannskapet som styringsgruppe for planarbeidet. Planarbeidet vart sendt på høyring mot slutten av året.

**Digitalisering**

Aukra har hatt ei koordinerande rolle i ROR ved etablering av digitale kartløysingar.

Aukra sitt deling- og byggesaksarkivet er no digitalisert.

Saman med ROR-kommunane deltek Aukra i Norkart sitt pilot-prosjekt « Den digitale kommune».

## FRAMOVER

